



# ISFLAKET

Polarmagasin frå Ishavsmuseet. Nr. 1– 2020 22. årgang kr. 80,-

## **Leiar:**

### **Svalbardtraktaten 100 år**

Den 9. februar 1920 vart Svalbardtraktaten signert, og 21. juli 1924 gjekk eit einstemmig storting inn for å ratifisere avtalen.

Svalbardtraktaten, også kjent som Paris-traktaten, kom i stand i samband med fredskonferansane etter første verdskrig.

Landa som underteikna traktaten var Norge, USA, Danmark, Frankrike, Italia, Japan, Nederland, Storbritannia og Sverige. Seinare har ei rekke andre land også kome til, og traktaten har i dag 44 partnarar. Sjølve avtalen trådde i kraft 14. august 1925. Etter at Svalbardloven vart vedteken av Stortinget 17. juli 1925 vart Svalbard ein udeleleg og uavhendeleg del av Kongeriket Noreg.

Fleire land gjorde krav på Svalbard utover på 1600-talet på grunn av kvalfangsten som var særskilt rik i området. Danmark-Norge framsette sitt krav på bakgrunn i ei førestilling om at Svalbard fysisk hang saman med Grønland.

Engelskmennene på si side gjorde krav på Svalbard ut i frå at dei meinte at det var sir Hugh Willoughby som først oppdaga øygruppa i ishavet, og at det var britiske fangstfolk som var dei første som tok området i si eige. Nederland, Spania og Frankrike på si side var ikkje så opptekne av territoriale krav, men meir opptekne av retten til å drive kvalfangst ved å vise til «havets frihet».

Området var i ein lengre periode lite befolka utanom mindre grupper av russiske pelsjegerar som kom der opp i 1704 og dreiv fangst fram til 1850-talet. Svalbard gjekk dermed inn i ei periode som «Terra Nullius» - ingenmannsland.

Nordområda fekk igjen internasjonal interesse då Sverige-Norge i 1871 gjorde eit diplomatisk framstøyt med den hensikt å ta øygruppa i si eige. I 1875 sette Stortinget av pengar til forsking på fiskeriressursane i havområda rundt Svalbard. Russlands svara på det svensk-norske framstøtten med eit krav om at området

gjennom ein stillteiande avtale framleis skulle vere ope for alle land som ønska å drive verksemd der.

### **Nye ressursar skapar ny interesse for Svalbard.**

Då koldrifta starta på byrjinga av 1900-talet vart det sett fram nye krav og behovet for ei avklaring av rettigheter til naturressursane oppstod.

Noreg tok i 1907 initiativet til ei ny internasjonal forvaltningsorden som skulle vidareførast på prinsippet «Terra Nullius» der ingen land hadde overherredøme, men alle hadde rettigheter til å drive næringsverksemd. Under tre konferansar i periodane 1910-1914 kom det fram at både USA og Tyskland ønska å vere med i styringa av Svalbard. Noko som Russland på si side motsette seg.

Etter at freden hadde senka seg over Europa hausten 1918 såg dei norske myndighetene nye moglegheiter til å gjenoppta sine diplomatiske krav i nordområda. 1. november 1918 vedtok Stortingets utanrikskomité at Noreg skulle gjere framstøyt for å oppnå suverenitet over Svalbard. Alt 10. april 1919 tok Noreg initiativ under fredskonferansen i Versailles til ei løysing der Noreg ville ta over suvereniteten over området. Den 9. februar 1920 vart Svalbardtraktaten signert.

I eit brev til utanriksminister Ine Eriksen Søreide i februar 2020, uttrykker den russiske utanriksministeren Sergej Lavrov si misnøye over måten Noreg forvaltar delar av Svalbardtraktaten på.

Det er framleis viktig at Noreg er til stades med næringsverksemd på Svalbard.

Akkurat som vi var til stades då traktaten vart signert for 100 år sidan, så har vi oppretthalde vårt nærvær gjennom kolgruver, forsking og turisme i 100 år.

Og så må vi fortsette med det i 100 år til.

Brandal 18. februar 2020

Webjørn Landmark

Redaktør

# Fangstmann Georg Bjørnnes fortel      fra overvintring:



## Da bjørnen skulle slipe klørne på slipesteinen til Bjørnnes.

Georg Bjørnnes har 20 års overvintringer på Svalbard, og har mange gode historier om den tiden.

Et år hadde æ en slipestein med mæ da æ dro til Spitsbergen. Det va en slik en som du trør rundt på, akkurat som en spinnerokk. Det gikk bra, men en dag va det en bjørn som fikk se mæ stå å slipe kniven min og ei natt kom han ned for å slipe klora sine på slipesteinen min.

Han hadde vært å gravd etter en frossen kobbe og klørne var blitt ukvass.

- Men bjørn'n var nokka hardhent, før da æ kom ut om morran var slipesteinen min et einaste vrak. Her var gode råd dyre. Det var 20 mil til nærmaste nabo og det e ikkje greitt å klare sæ i ødemarka med ukvass kniv. Æ la haue mett i bløtt og æ brukte tre daga på å finne ei løysing.

-Nede i fjæra fant æ en rund stein, æ stappa den i en sekk og dro til fjells. Da æ vel var kommet opp, tok æ steinen ut og lot han trille ned gjenna skråninga. Sjøl sprang æ etter og slipte kniven min mens steinen rulla. Farta blei villare og villare, som du skjønne, og steinen gjorde flere hopp, men æ va nødt til å gjøre det samme, og hoppa i la med steinen.

-For å få kniven min slipt på begge sidan, måtte æ gjøra alt om igjen, men du skjønne, æ va temmelig utkjørt etterpå. Og steinen, den rulla utfør et stup og rett i haue på en bjørn som satt der. Så du skjønne æ blei godt fornøgd med den dagen, kniven fikk æ slipt og attpå tel fikk æ en bjørn.

## Innhald

To tragiske hendingar	side 4
Mayday Mayday	side 14
Litt om Grønlandssaka	side 18
Natt på museet	side 22
Petter Gudleik Liavåg	side 23
Han har charme	side 32
Ei ishavskjerring	side 45
Frå arkivet	side 50
Polarkveld med Linda Bakken	side 54

## ISFLAKET

**Polarmagasin utgitt av Ishavsmuseet og Ishavsmuseets Venner.**

Adresse: Ishavsmuseet, Brandalsvegen 28, 6062 Brandal

Tlf. kontor 700 92 900, mob 95 11 76 44

**Redaksjon:** Webjørn Landmark, redaktør [webjorn@ishavsmuseet.no](mailto:webjorn@ishavsmuseet.no)

Opplag 800. Årskontingent / abonnement kr. 300,- fritt tilsendt. Bedrifter kr. 750,-

[www.ishavsmuseet.no](http://www.ishavsmuseet.no)

[www.ishavsvener.net](http://www.ishavsvener.net)

[www.facebook.no/»Aarvak»](http://www.facebook.no/»Aarvak»)

**Forsidefoto:** «Fakstind». Foto Bjørn Berland

ISSN 1891-9480

# To tragiske hendingar på M/S Polarbjørn

Av Sveinung Walseth

I løpet av eitt år i 1958 og 1959 kom to unge menn frå Digernes i Hovdebygda bort på sjøen, på tragisk vis. Ungguten Stein Digernes var berre 16 år då han mёнstra på som messegut. Han omkom få dagar seinare, under tragiske omstende. Året etter fall, den 35 år gamle onkelen til Stein, Harald Hovde, over bord og vart aldri funnen. Begge desse hendingane skjedde om bord i ishavsskuta M/S Polarbjørn. Bondalingen Magnar Aklestad var med på begge turane, og fortel om desse tragiske hendingane.

## Grønlandsekspedisjon 1958

M/S Polarbjørn, som var eigd av reiarlaget Martin Karlsen på Brandal, var kome heim frå selfangst ved New Foundland våren 1958, og skulle klargjerast til ein ekspedisjon for Kongeleg Grønlandske Handel i København. Etter lossing gjekk båten til Bolsønes verft as for sjekk og nokre mindre reparasjonar. Deretter gjekk turen til Brattvåg skipsinnredning, der messa vart riven, og ny salong i aluminium vart innmontert.

På babord side vart det bygd ny messe med plass til 22 personar. I Ålesund var sjøkontrollen om bord, og godkjende båten for ekspedisjonen, der bunkra dei også 25 tonn med vatn og klargjorde livbåtane. Så gjekk turen innom Brandal for siste klargjering før avreise.

Måndag 7. juli klokka 2400 gjekk M/S Polarbjørn ut frå Brandal, og sette kurs for København. Hovdebygdingane, fyrstereisgut, Stein Digernes og onkelen hans, stuert Harald Hovde, var mannskap på denne turen.



Polarbjørn i isen. Foto frå Magnar Aklestad.

## Utradisjonell påmønstring

Då båten var i Vartdalsfjorden på veg ut frå Brandal, såg mannskapet eit sjøfly som krinsa over båten, og signaliserte at det ynskte kontakt. M/S Polarbjørn la seg på vent, medan sjøflyet landa, på ein spegelblank fjord, og taxa inn langs rekka på M/S Polarbjørn.

Magnar Aklestad hugsar godt at dei tok tak i vengen på flyet og drog det inntil båten. Ut av flyet kom stuert Harald Hovde, i flott grøn strikkejakke, og hadde fått skyss av kamerat og flygar, Dagbart Hareide, til ei høgst utradisjonell påmønstring.

## København

M/S Polarbjørn kom til København 0045 10. juli, og mannskapet tok straks til å klargjere båten for innlasting. I København lasta dei inn 150 tonn med kol i akterrommet, og fylte ledig kapasitet over kolet med isolasjonsmateriell, og ein del kasser med ukjend innhald.

Luke nummer to vart lasta med mykje tønneband, tønnestavar, isolasjonsmateriell og anna stykkgods. Til slutt lasta dei inn 100 fat med, 19000 liter, flybensin på dekk. Det raude flagget som varslar farleg last, vart heist i formasta. Det var 18 passasjerar med på turen, mellom dei fem born og tre kvinner, samt eit mannskap på 17.



*Harald Hovde i arbeid som stuert. Foto fra Magnar Aklestad*

### **Ulmebrann i kollasten**

Fredag 11. juli, klokka 1600, gjekk M/S Polarbjørn fra København med nordleg kurs. Dei nådde norskekysten ved Ryvingen, 12. juli klokka 1200, og fylgte kysten til Utsira, der gjekk dei til havs med kurs mot Scoresbysund på Aust-Grønland.

Mannskapet gjekk i gang med sine daglege gjeremål, og 12. og 13. juli arbeidde messegut, Stein Digernes, som dagmann (dagtid) fra 0630 morgonen til siste servering var over om kvelden. Då gjekk han til køys, for nokre timars søvn, før purring og ny vakt neste morgen. Med 35 menneske som skulle trakterast, var det travle dagar i messa.

Søndag kveld 13. juli kl. 2345, var M/S Polarbjørn om lag 120 nautiske mil vest av Runde. Det var frisk nordaust bris, grov sjø, og mykje slingring, så Stein Digernes og fleire med han, var plaga av sjøsjuke og hadde gått til køys.

Maskinisten oppdaga brått at fargen på malinga mot eine skottet endra seg og sprakk i eit område på om lag 2 meter, og forstod at det var brann i kollasten. Han teikna ein kvit sirkel kring dette området, for å fylgje utviklinga, og varsla styrmann, Johan Olsen, som var på vakt. Kaptein Henrik Marø hadde gått til køys då dette vart oppdaga. Han vart purra og gjekk omgåande til maskinrommet, for å skaffe seg oversikt over situasjonen. Marø gav ordre om å slepe to flasker CO<sub>2</sub> ned i rommet, og sette kurset mot Ålesund.

Kaptein Marø og begge styrmennene rådslo om korleis dei skulle handtere situasjonen vidare. Ålesund radio vart varsla om ulmebrann og kursendring, og stod deretter i stadig kontakt med båten. Alle instansar vart sett i beredskap og fylgte utviklinga på M/S Polarbjørn, som gjekk mot Ålesund med 12 mils fart.

Båten var godt utrusta med heilt nytt brannutstyr, og mannskapet tok omgåande til med slokningsarbeid.

**VG VERDEN'S GANG**  
NR. 159 MANDAG 14. JULI 1958 50 ØRE

# Polarbjørn i brann

## Fire mennesker hardt skadet

ALESUND i dag (NTB). — En farlig brann brøt i dag morges ut i ekspedisjonskipet «Polarbjørn» da det var 70 nautiske mil nordvest av Runde. Fire passasjerer er røykforgiftet, og situasjonen er alvorlig for to av dem. En losskøyte har satt lege ombord, og mens mannskapet forsøker å få brannen under kontroll, stevner «Polarbjørn» nå med tolv knops fart mot Ålesund.  
(Fortsatt side 10.)

*Hovudoppslag i VG 14. juli 1958.*

Alle luker vart grundig skalka for å kvele surstofftilgangen til rommet. Klokka 0245, 14. juli, sette mannskapet vasslangar i peilerøret i akterrommet og pumpa om lag 30 tonn vatn ned i rommet, for å dempe varmeutviklinga, og hindre

M 1345 ga Maskinjefen beskjed om at han	
merket varme i maskinskattat mot akterrummet	
Kaptainen ble varsel. I flasker CO <sub>2</sub> ble slengt	
in i rommet og satte kursen for Ålesund.	
Kronometrets stand	Loggens prosentvis felvising (Dens korreksjonsstall)
Johan Olsen	Forevist den 14/2 1958 Skipets lese
Dekk dagbok - 1 per. 122	


Utdrag av skipsdagbok frå Polarbjørn 14. juli 1958, frå Ishavsmuseets arkiv.

ulmebrannen frå å trekkje ned mot botntankane, som var fulle av bunkerolje. Med 19000 liter flybensin på dekk, så ville den totale katastrofen vere eit faktum om det kom til open eld. Mannskapet fekk hindra at ulmebrannen spreidde seg, og etter kvart gjekk temperaturen på varmen i skottet noko ned.

### Dødle kolosforgiftning

Klokka 0630 14. juli vart ein matros send fram for å purre Stein Digernes og Herman Marø til ny vakt. Dei låg begge i den bakarste lugaren framme. Matrosen kom attende til brua og melde at det var uråd å vekke dei. Ein trudde først at dei to, som hadde vore sjøsjuke kvelden før, hadde teke sjøsjuketablettar, og difor var tunge å vekke. Kaptein Marø gjekk omgåande fram i båten, og gav ordre om at alle skulle vekkjast, og kome seg på dekk. Då vart det oppdaga at fleire, både av mannskap og passasjerar, var medvitslause og måtte berast ut av lugarane. Stein Digernes og Herman Marø var mellom dei som var medvitslause då dei vart henta ut av lugaren.

Det vart slege full alarm, og undersøkt om det var mogeleg å transportere ut dei mest medtekne. Mellom anna sende redningsentralen på lufta eit catalinafly, men med grov sjø i området var det ingen mogelegheit for flyet å lande. Fiskebåten Harjan var i området og heldt radiokontakt med M/S Polarbjørn, for å assistere, men kunne heller ikkje legge til skutesida under dei rådande forhold.



Stein Digernes (1942-1958). (Biletet er utlånt av Silje Kristin Nygård).

Magnar Aklestad var på vakt då kolosforgiftninga vart oppdaga, og deltok i bergingsarbeidet. Han fortel at dei sjuke vart flytta bak i båten, der det vart sett i gong opplivingsforsøk, med kunstig andedrett. Ein av passasjerane, Thorkildsen, var kyndig i fyrstehjelp, og tok leiinga i opplivingsarbeidet. Han byrja opplæring av mannskapet, slik at flest mogeleg kunne hjelpe til.

Samstundes fekk Polarbjørn assistanse i livberging, frå vakthavande lege ved Ålesund sjukehus, formidla via Ålesund radio.

Det vart klart at situasjonen for fire av dei kolosforgifta var så alvorleg at det var trøng for lege og surstoffapparat. Redningsbåten Samaritan gjekk ut frå Ålesund klokka 0900 14. juli, med doktor, E. Brande, naudsynt medisinsk utstyr og surstoff ombord.

# „Polarbjørn“-tragedien krevde fire liv

Kullosen trengte umerkelig gjennom to vanntette skott inn i lugarene forut

To av mannskapet og to barn døde - sju passasjerer på sjukehus

Overskrift i Sunnmørsposten 15. juli 1958

Ved Grasøyane møtte dei losbåten Runde som tok over transporten. Losbåten var den einaste som under rådande værforhold var i stand til å borde M/S Polarbjørn. Losbåten Runde, vart hjelpt til rett posisjon av eit catalinafly, og nådde M/S Polarbjørn om lag 20 nautiske mil vest av øya Runde, klokka 1300. Dei fekk lagt til skutesida og bringa lege og surstoff om bord. Doktor Brande gjekk straks i gong med å skaffe seg oversikt over stoda til dei kolosforgifta, og å gje dei medisinsk hjelp, medan M/S Polarbjørn gjekk vidare mot Ålesund for full maskin.

Klokka 1605 14. juli runda båten Slinningsodden, med flagget akterut heist på halv stong. Då fekk dei mange hundre frammøtte, som hadde venta i uvisse, stadfesta den frykta dei hadde kjent på. M/S Polarbjørn la til ved Storneskaia og det vart kjent at fire menneske hadde omkome, og at sju andre vart sende til Ålesund sjukehus, med til dels kraftig kolosforgiftning.

Passasjerane og dei av mannskapet som hadde hatt lugar framme i båten, vart sende på land og innlosjerte på hotell.

Dei omkomne var 16 år gamle Stein Digernes fra Hovdebygda, 18 år gamle Herman Marø, son til kaptein, Henrik Marø, og dei to grønlandske borna Karen og Erling Tøpfer, 3 og 1 år gamle. Borna sine foreldre Ib og Henriette Tøpfer og deira eldste dotter, Anne, på 4 år var svært sjuke, og særlig faren svevde mellom liv og død. Innlagde på Ålesund sjukehus vart også den grønlandske pastoren Emil Jens K. Nielsen, kona Rasmine, dotter deira Nilsine på 10 år, og den danske mekanikeren Erik Sørensen.

Daghavande lege ved Ålesund sjukehus, Jan Eriksen, melde 15. juli at dei sju som var innlagde var utanfor fare.

## Lossing

Så snart dei omkomne, sjuke og passasjerane var bringa på land gjekk M/S Polarbjørn til Aspøyvågen der flybensin og anna dekkslast vart lossa over på ein lekter. Medan lossinga pågjekk låg sjøbrannsprøyta ved andre skutesida. Det var til dels sterkt røykutvikling under lossinga og brannmannskapet sprøyte vatn over kollasten heile tida. Etter lossing av dekkslasten gjekk røykdykkarar ned i rommet for å kartlegge korleis vidare lossing kunne utførast. Dei kunne ikkje gå ned i romet der kolet var lagra, av frykt for at surstofftilførsel ville skape open eld.

M/S Polarbjørn gjekk attende til Storneskaia og fekk lossa stykgodslasten, før dei kring midnatt gjekk til Møre Kullkran as, fekk lossa kolet, og sløkt restane av ulmebrannen. Politi og sakkunnige var om bord for å kartlegge årsaka til at ulmebrannen hadde oppstått.

## Reparasjon

Allereie på ettermiddagen 15. juli vart Polarbjørn flytta til Liaaen verft as der reparasjonsarbeidet tok til. Akterskottet mellom maskin og lasterom vart rive, alt treverk vart fjerna, og ein såg at skroget var uskadd. Deretter vart alt bygd opp igjen, og 18. juli var skuta ferdig reparert og klar for ny innlossing og avgang til Scoresbysund.

## Sjøforklaring

Det vart halde sjøforklaring i Ålesund 16 juli, leia av domarfullmektig Peter Møller. Sjøkyndige rettsvitne var maskinist Frank Olsen og skipper Ingolf Solbjørg. Sjøforklaringa tok til 0930 og varte til klokka 2230 berre avbroten av små pausar. Mellom dei som forklarte seg var skipper på M/S Polarbjørn, Henrik Marø, styrmann Johan Olsen, maskinsjef, Leonard Sulebust og matros, Waldemar Johansen.

Under sjøforklaringa kom det fram at M/S Polarbjørn var i god stand, og at alle pålegg frå skipskontrollen var etterkomne og kontrollerte før skuta la frå hamn på denne turen.

Det vart reist spørsmål om kvifor pasasjerar og mannskap ikkje vart varsle då ulmebrannen oppsto. Styrmann Johan Olsen opplyste at dei ikkje fann at situasjonen var så kritisk at det var naudsynt. Varmeutviklinga var relativt moderat, og ingen av mannskapet på vakt, tenkte seg mogelegheita av at kolos kunne trekkje fram i dei fremste lugarane. Lugarane til maskinsjefen og stuert Harald Hovde låg rett over brannstaden, og vart sjekka i løpet av natta, då ein rekna desse som mest utsette. Dei som var på vakt fann ikkje grunn til å skape unødig engstelse eller panikk, ved å purre dei som sov. To matrosar som hadde sove i lugarane framme vart purra for ny vakt klokka 0530, og var i god form.

Sjøforklaringa 16. juli konkluderte med at sjølvtenning var den trulege brannårsaka. Sjølvtenning av kol var ikkje noko ukjent fenomen. Det var svært varmt under innlastinga i København og kolet vart fukta med vatn for å dempe støvutviklinga. Desse faktorane var truleg medverkande til gassutvikling og medfylgjande ulmebrann. Domarfullmektig Peder Møller fann dette sannsynleg, sidan ulmebrannen på M/S Polarbjørn ikkje var ein brann i ordets forstand, men ei varmeutvikling utan open eld.


Etter rettsmøtet slo domarfullmektig Peder Møller fast at det ikkje kom fram noko vesentleg nytt, og at ingen kunne lastast for det som hadde skjedd.

### Årsak til kolosforgiftning

Det vart spekulert mykje i korleis kolos kunne kome fram i lugarane sidan skotta skulle vere heilt tette. Under riving av bakre skottet, etter brannen, oppdaga ein tre små hol etter ledningar som hadde vorte fjerna under siste ombygging. Magnar Aklestad seier at det var gjennom desse tre små hola at kolosen fann vegen framover i båten, og forårsaka dei tragiske dødsfalla.

### Fyrstereisguten som ikkje kom heim

For fyrstereisguten Stein Digernes (1942-1958) fekk sommarjobben som messegut eit tragisk utfall, berre dagar etter at han mønstra på. Heime på Digernes i Hovdebygda sat mor Julie, far Jorulf og syskena Tone og Torbjørn att i stor sorg, og i sjokk over at sommarjobben til ein kjær son og bror, enda på verst tenkjeleg vis. Det vekte sterke kjensler og stor sorg i heile heimbygda at ein kjekk ungdom frå bygda, gjekk bort på så tragisk vis.



Digernes i Hovdebygda, der Stein Digernes og Harald Hovde budde. (Biletet er utlånt av Sveinung Hovde).

Stein vart gravlagd i ei fullsett Ørsta kyrkje 18. juli, og særleg var det mange ungdomar som fann vegen til kyrkja, for å ta avskjed med ein

kamerat som døydde så altfor tidleg. Det var pastor Ola Moe som stod føre gravferda.

Lærar, Petter Osborg, skreiv eit gripande minneord om Stein, og skildra ein ungdom med framtidsplanar, som ville verte noko, men som først ville sjå litt av verda. Osborg skreiv vidare om ein harmonisk, humørfylt ungdom og ein real gut med ei stø og god framferd utan luring og fusk, og som ein ungdom som stod fram som eit godt ideal.

Magnar Aklestad rakk ikkje å verte godt kjend med ungguten Stein og hugsar ikkje så mykje om han, men den tragiske turen har for alltid brent seg fast i minnet hans.

### **Antarktisekspedisjon 1959**

Hausten 1959 vart M/S Polarbjørn utrusta for sin andre ekspedisjon til Norway Station i Antarktis dette året. Noreg hadde ein stasjon der, i samband med det geofysiske året.

Før ekspedisjonen var M/S Polarbjørn innom Liaaen verft as der det vart montert eit kraftigare stag på fremste mast, for å handtere tyngre hiv. Båten var også hjå Brødrene Lothe as i Haugesund og fekk full maskinoverhaling, og gjekk deretter via Ålesund før den sette kursen mot Cape Town.

### **Uhell på dekk**

31. oktober 1959 gjekk M/S Polarbjørn ut frå Ålesund med kurs mot Cape Town og ny bunkring der. Oppdraget var å hente heim det norske mannskapet på forskningsstasjonen Norway Station i Antarktis, som skulle avviklast ved årsskiftet. M/S Polarbjørn skulle også transportere det nye mannskapet, frå Cape Town, til stasjonen, som Syd-Afrika skulle overta ved årsskiftet.

Turen gjekk fint fram til 12. november, då M/S Polarbjørn var ved Dakar, i varmt og godt vær. Båten hadde ingen dekkslast på denne turen, så



*Polarbjørn ved iskanten i 1959. Foto frå Magnar Aklestad.*

mannskapet rigga opp ein pressenning som dei nytta til badebasseng.

Bassenget var relativt stort, men ikkje særleg djupt. Nokre av mannskapet dreiv og bada og stupte, mellom desse var Harald Hovde. Han prøvde etter kvart å stupe frå luka, men feilrekna, hamna på hovudet rett i dekk, og glei deretter medvitslaus ut i bassenget.

Magnar Aklestad som stod til rors høyre skipperen rope til mannskapet, at dei måtte få Hovde opp på luka. Der kom han gradvis til seg sjølv, men var heilt stiv i armar og bein, og vart boren til lugaren sin, med ordre om å ligge heilt roleg der. Etter nokre timer fekk Hovde rørlene tilbake i armar og bein, men nakken var heilt stiv.

Dagen etter passerte M/S Polarbjørn kokeriet, Sir James Clark Ross, og Harald Hovde fekk råd av legen der, mellom anna at han måtte vere særskilt forsiktig med å bevege hovudet.

28. november kom M/S Polarbjørn til Cape Town og starta bunkring der. Harald Hovde vart send til lækjar for grundig undersøkelse, og fekk festa ein stiv plastkrage på nakken. Han kunne bevege hovudet sideveis i kragen, men ikkje opp og ned.

Hovde vart oppmoda om tenkje på helsa si og reise heim, både av lege og skipper, men ynskte sjølv å vere med vidare på turen. Harald Hovde kjende nok eit ansvar for at båten ikkje skulle gå vidare til Antarktis utan stuert.

### Mann overbord

Det vart jobba hardt, med lasting og bunkring av utstyr til den sydafrikanske basen. Dei fekk alle Syd-Afrikanske ekspedisjonsdeltakarar om bord, og gjekk ut frå hamna i Cape Town tidleg på kvelden torsdag 3. desember, med kurs for Dronning Mauds Land. Dette var Syd-Afrikasambandet sin fyrste Antarktis-ekspedisjon.

Mannskapet fann sine plassar og tok fatt på sine rutinemessige oppgåver. Stuert Harald Hovde byrja etter kvart med rydding av skipperen sin lugar.

Klokka 2230, var skuta 10 kvartmil syd for sydspissen av Afrika, då ein av dei sydafrikanske ekspedisjonsdeltakarane kom stormande opp på brua og ropte; «mann over bord». Han hadde i mørkret sett at ein mann hadde mista balansen og falle over den lave kjettingrekka som var rekkrak akterut på båten. Ein fann raskt ut at det var stuert Harald Hovde som var sakna.

Det vart slått full alarm og livbøyer med lys gjekk i sjøen, båten snudde, iverksette søk, og melde frå til Cape Town radio.

Det var stor sjø i området og M/S Polarbjørn slingra kraftig. Dette området kring Afrika er kjent for vanskelege straumforhold og mykje grov sjø. M/S Polarbjørn saumfor området og leita heile natta, med alle tilgjengelege lys tende, folk i tønna og på alle andre utkikkspunkt, i von om å finne Hovde.

Etter kvart kom ein destroyer og fleire andre båtar som var i området med i leiteaksjonen.



*Harald Hovde (1925-1959). Foto frå Sveinung Hovde.*

Tidleg på morgonen kom det eit fly som sökte over det aktuelle området.

Ut på dagen måtte M/S Polarbjørn avbryte sitt søk og fortsette mot Antarktis og oppgåvene som venta der. Skipper Henrik Marø sende telegram til gereralkonsulatet og meddelte at dei avslutta søket etter Hovde, og heldt fram på ekspedisjonen.

Ekspedisjonsdeltakaren som såg at Harald Hovde fall over bord har forklart at Hovde kom akterut på babord side med ei papirkorg, og i det han skulle töme papirkorga over rekka, fekk båten eit kraftig hiv (brå fallbebevegelse) i det den fall ned av ei bølge. Dermed miste Harald Hovde balansen og fall over bord.

Magnar Aklestad fortel at han hugsar Hovde som ein sterk og atletisk person, og meinat at nedsett førlegheit på grunn av nakkeskaden og den stive plastkragen han hadde på seg, var ei medverkande årsak til at han ikkje rakk å ta seg føre då den brå bevegelsen i båten kom.

# Stuerten på „Polarbjørn“ slått overbord og druknet

Harald Hovde fra Ørsta etterlater seg kone og tre barn

Overskrift i Sunnmørsposten 5. desember 1959

Harald Hovde vart aldri funnen og Magnar Aklestad som var fleire turar ute saman med han minnest Hovde som ein god stuert, og ein energisk, humørfyldt, sosial og triveleg kar.

## Sorg og medkjensle

Avisene skreiv om hendinga og i Møre-Nytt stod ei melding om ulukka veka etter hendinga, under overskrifta: «Syrgjebod frå havet». Den triste hendinga, nokre dagar før jul, vekte sterke kjensler og sorg i heile kommunen. Folk hadde stor medkjensle med dei tre små gutane som brått miste far sin, og Kari som miste ektemaken sin.

Det nyskipa Hovdebygda Velferdsdag (Hovdebygda soge- og velferdsdag) skulle arrangere fest på ungdomshuset laurdag 5. desember, men då syrgjeboden om Harald Hovde sin tragiske bortgang nådde bygda, så vart festen naturleg nok avlyst.

Det økonomiske sikkerheitsnettet var ikkje som i dag, då forsikringar og trygdesystem fangar opp og avhjelper den økonomiske biten ved slike ulukker. Det vart sett i gong ein lokal innsamlingsaksjon til Harald Hovde sine etterleitne, og lister vart lagde ut i begge bankane, i Møre-Nytt sin ekspedisjon, og hjå

bakar Eidheim. Innsamlingsaksjonen vart avslutta like før jul.

Harald Hovde (1925-1959) var son til Berta og Knut Hovde og voks opp på Sagatun i Indrehovden. Han etterlét seg kona Kari f. Digernes, og dei tre mindreårige sónene Kjell Bjarte, Jon Kåre og Sveinung.

Kari og Harald Hovde hadde bygd nytt hus på Digernes i 1952, og sommaren 1959 hadde dei fått lyfta taket opp, og bygd på ei etasje til. Dette var gjort før Harald reiste ut, og innreiingsarbeidet stod att. Kari fekk god hjelp av familie, og særleg av broren Odd, til å fullføre arbeidet med huset etter at Harald kom bort.

Harald Hovde var på slutten av krigen i arbeid på fyrvesenet sin båt Skomvær, og der fekk han stuertopplæring av sambygdingen Oddbjørn Ryste, som var kokk om bord. Skomvær var ute berre sommarhalvåret, og vinterstida hadde Harald ymse anna arbeid, og mellom anna arbeidde han vintershalvåret hjå bakar Rønning i Ørsta.

Etter krigen var han ved familiebedrifa, Ørsta Kleklypefabrikk as på Digernes, som svigerfaren Johan Digernes hadde grunnlagt. Her var Harald fram til fabrikken brann ned i 1950. Då måtte han finne anna arbeid, og mønstra på M/S Minna, der han var i fem år. Han var også ei periode om bord i M/S Jopeter, som seinare vart omdøypt til M/S Polarbjørn.

## M/S Polarbjørn

M/S Polarbjørn er ei av dei sagnomsuste og kjende ishavsskutene. Den vart bygd i 1932 ved Trondhjems Mekaniske Verkstad og fekk namnet MS Brategg, og var eigmellom anna av Peter Skarbøvik.

Peter S. Brandal (Martin Karlsen) overtok båten i 1950 og gav den namnet Jopeter. I 1955 vart Jopeter skrudd fast i isen ved Grønland. Skuta fekk lekkasje og miste propellen. Mannskapet rekna skuta som tapt og tok seg heim på anna vis. På våren 1956 vart M/S Jopeter heilt uventa

funnen att flytande, i ein fjord på Nordaust-Grønland. Den vart slept attende til Noreg av MS Melshorn, overdregen til eigar og reparert. Kort tid etter vart den omdøypt til M/S Polarbjørn.

Skuta vart av sume sett på som ei ulukkesskute, på grunn av ulukkene den var utsett for. På turen då Harald Hovde kom bort, mista dei ti dagar seinare også styrmann, Reidulf Kvien. Han omkom i ein dynamitteksplosjon. Det var ingen båtar i området som kunne transportere den avdøde heim, så han vart seinka i havet ved Bouvetøya. Skipper Henrik Marø forretta etter eit fastsett offentleg kyrkjeleg rituale, før seinkinga. Ei verdig og fin markering hugsar Magnar Aklestad.




*Gravferd ved Bouvetøya, 1959. Styrmann Reidulf Kvien vart seinka i havet. Kvien omkom 10 dagar etter at Harald Hovde fall over bord. Foto frå Magnar Aklestad.*

### **Magnar Aklestad**

Magnar Aklestad er hovudkjelde til denne artikkelen, gjennom samtalar vi har hatt, hans personlege notat, ymse skipspapir og utlån av bilet. Han vart fødd i 1936, på Aklestad i Bondalen. Magnar vert i sjøfarts- og fangstmiljø ofte omtala som storskipper, og er ein av dei som har flest turar til Sydpolen.

Han har gjennom nesten femti år som sjømann vore i dei fleste krikar og krokar i verda, og har opplevd det meste, både på godt og vondt.



*Magnar Aklestad er hovudkjelde til artikkelen.  
(Foto: Sveinung Walseth).*

Magnar byrja som fangstmann, og gjekk gradene, til han dei siste tretti åra var skipper/kaptein. Han er i dag pensjonist og busett på Sæbø.

### **Kjelder:**

Finn Sindre Eliassen, Magnus Sefland og Gunnar Wiik Is, skuter og folk «Isflaket» 10 år, Ishavsmuseet -Skipsbøker og bilet, Ishavsmuseet, -Skipsdagbok M/S Polarbjørn 07/07 - 1958 – 03/07 – 1959, Magnar Aklestad, Notat, samtalar og bilet, Magnus Sefland, Artikkel i Isflaket, Magnar Aklestad – Storskiper og globetrotter frå Bondalen, Møre-Nytt, Juliutgåver 1958, Møre-Nytt, Desemberutgåver 1959, Sunnmøre Arbeideravis, Juliutgåver 1958, Sunnmøre Arbeideravis, 5. desember 1959, Sunnmørsposten, Juliutgåver 1958, Sunnmørsposten, 5. desember 1959 Sveinung Hovde, Samtalar, Verdens Gang, 14-15-16-17 juli 1958

Takk til Petter Sandvik som gjekk gjennom Sunnmørsposten sitt arkiv, og til Roar Hagen som sjekka NTB sitt arkiv for meg.

# MAYDAY MAYDAY

Av Arne Odd Røbekk og Marit Karlsen Brandal

Som regel er overfarta til New Foundland (NFLD) ikkje so ille med tanke på veret. Men kuling og storm må ein rekna med. Når uveret ein sjeldan gong verkeleg slår til, so kjennast det ut som om orkan er forbokstaven. Alle om bord må trå til for at dei skal koma heilskinna gjennom uveret. Når ein er ute i slikt ver, so «heng nasedråpane som kvalrosstanner» sa skipper Arne Røbekk på Polarbjørn (i følge Terje Valderhaug). Med det meinte kanskje den godaste Røbekk, at ein i uveret ikkje hadde tid til å ta vekk snørra, so til slutt hang det berre der....

Arne Odd Røbekk var 20 år i 1974, og hadde for andre år på rad mönstra på Veslemari som fangsmann. Men det var fjerde gong han var på veg over Atlanteren til selfangst ved New Foundland. I alt var det 10 skuter frå Noreg som rusta ut for fangst ved dette feltet i 1974. To av dei andre skutene var Polaris og Polarbjørn. Om bord Polarbjørn hadde Arne Odd far sin, Arne Røbekk, og broren Peder. Og dagen før han sjølv skulle dra, var han i Ålesund for å ta farvel med far og bror.

Veslemari var tilhøyrande Årset på Vartdal, og det var her skuta heiv laust i mars 1974. Det var ein fantastisk flott dag, med havblikk og svak dønning når dei runda Breisundet. Overfarten til NFLD passerte Cap Farvel sør på Grønland. Då endra det meste seg veldig raskt.

Som sagt reiste mellom anna Polarbjørn ein dag tidlegare over Atlanteren. Dei fekk kjenning med eit forferdeleg uver på vegen bortover. Skipper Røbekk på Polarbjørn kontaktar dei andre skutene og informerer om det därlege veret, og oppmodar dei andre om å ta det med ro. Når sindige ishavsskippera gjer slikt,- ja so tyder det på svært därleg ver. Men dei som fekk



*Veslemari fotografert i ein annan samanheng  
(foto frå Ishavsmuseet)*

dette rådet hadde ikkje tid til å vente og dermed gje dei andre større forsprang på fangstfeltet.

Mannskapet på Veslemari denne turen var:

Jarle Sandvik – Skipper  
Johan Knotten – Styrmann  
Robert frå Ålandsøyane – Skytter  
Odd Rekkedal – Skytter  
Jarle Lillebø – Maskinsjef  
Jongvar Årvik – Motormann  
Sigmund Olavsen – Stuert  
Bente – Messepike (forlova med stuert)  
Bror til stuert – Fangstmann  
Sverre Rekkedal – Fangstmann  
Agnar Kaspersen – Fangstmann  
Nils Vartdal – Fangstmann  
John Hjelmeseth – Fangstmann  
Jostein Lillenes – Fangstmann  
Magne Sætre – Fangstmann  
John Ulvestad – Fangstmann  
Skogheim – Fangstmann  
Vithfeldt – Fangstmann  
Arne Odd Røbekk – Fangstmann

Fangsmann Sverre Rekkedal fortalte Arne Odd at skipperen, Jarle Sandvik, hadde snakka over sendaren med Polarbjørn.



Nokre av mannskapet på Veslemari 1974. Frå venstre John Ulvestad, Jostein Lillenes, Nils Vartdal, Vithfeldt, Agnar Kaspersen, Arne Odd Røbekk, Skogheim og John Hjelmeseth (Foto Røbekk).

«Men dette var vanskeleg for oss å skjøna akkurat då, sidan vi gjekk i svartstilla utan teikn til ei krusing», seier Arne Odd.

Men so, på neste vakt som starta midnatt, hadde vinden friskna til. Og basert på rådet frå Polarbjørn, vart det bestemt at dei om bord Veslemari skulle gå fire mann på vakt, mot vanleg tre. I tillegg til to på brua og ein i maskina var også eine skyttaren på vakt. Denne natta var skyttaren ein finne frå Ålandsøyane. Kvar vakt var på fire timer, der dei på brua hadde rortørn 1 time og 20 min kvar.

Det fortsatte å friskna på utruleg fort. Arne Odd, som hadde første rortørn, merka fort at det vart verre og verre å halda skuta på den oppgitte kurSEN. Sjøen kom inn på styrbord baug, og det var nesten so dei merka det for kvar sjø at det auka på. Etter kvart var det ikkje anna råd enn at dei måtte slakke på farta.

Veslemari hadde to messer. Ei lita som vart kalla offisersmessa, og ei stor som vart kalla mannskapsmesse. Etter rortørn, gjekk Arne Odd ned i offisersmessa og la seg på benken for å slappe av. Men der hadde han ikkje vore lenge før der høyrest eit voldsomt brak.

«Klokka var ca ti minutt over to på natta. Der kom eit voldsomt brak, og eg vart kasta opp frå benken til ståande stilling. Skuta låg omrent flat til babord. Og alt vart heilt stille. Ikkje ein einaste lyd var å høyra.» Ein brotsjø hadde kome inn frå styrbord, og «slått» skuta til kraftig slagside. Maskina hadde stoppa, og alt var mørkt bortsett frå naudlysa. Arne Odd sin første tanke var å koma seg ut av messa og opp leideren til styrhuset. Det kjendes som tida hadde stoppa heilt opp. Likevel gløymer han ikkje synet av byssa, som låg rett over gangen for offisersmessa; Syltetøy og allslags anna mat taut ut or sprekkane i skuffene. Alt var eit einaste rot. Det var eit forferdeleg syn.

Arne Odd delvis gjekk på skottet, delvis på dørken på den skeive skuta, og til slutt greidde han å koma seg opp leideren til rorhuset. Det var nesten ein akrobatisk øvelse å manøvrera seg oppover når alt var «skeivt». I rorhuset var der fullt kaos. Ein kar hadde opna rorhusdøra på babord side for å skjera laus eine livbåten som var slått på sjøen, men fortsatt hang fast etter fanglina. Sjøen slo mot skuta, og braut over heile rorhuset. Dermed hadde det kome ein god del sjø inn den opne døra.

«Det brenner, det brenner!» ropar skyttaren frå Åland på gebrokkent norsk. Sjøen hadde kortslutta det elektriske anlegget som no stod i full fyr. Alle jobba med å slukke, og til slutt lukkast dei ved hjelp av eit pulverapparat. Gassen som deretter utvikla seg, var nesten uutholdeleg.

I mellomtida var skipper Jarle Sandvik kome i bestikken. Arne Odd høyrer at han sender ut

**Mayday Mayday.** Polarbjørn svarar på naudropet, og seier dei vil koma Veslemari til unnsætning. Men då Polarbjørn sjølv heldt på å forlisa medan dei prøvde nærma seg Veslemari, måtte dei gje opp forsøket. Dei fekk øydelagt ein del utstyr i forsøket, og var sjølve redde for å forlise.


Jarle Lillebø hadde i berre undikken raskt komt seg ned i maskina, og fekk start på denne overraskande fort. Men det var ikkje berre maskina han måtte få gang på,- det var også motormannen. Han låg nemleg i svime etter å ha fått eit metallskrin med skiftenøklar i hovudet.

Den eine etter den andre av mannskapet kom opp i rorhuset med redningsvestar på. Men gassen der gjorde at dei berre kunne vera der 10 minutt i gongen,- so dei fleste heldt seg i messa. Dei einaste om bord som ikkje hadde vestane på, var dei som var på vakt då dette hendte. Vestane deira låg på dei respektive lugaranane, som vanleg var. Men det var kanskje like greit; redningsvest ville ikkje vore store hjelpa uansett i dette verte,- anna enn å utsetja døden med nokre få minutt.

Sjøen som hadde kome inn den opne rorhusdøra og forårsaka brannen, rann ned leideren frå rorhuset. Men alle «ausa» på nedre dekk, og fekk vekk mesteparten av sjøvatnet . Etterkvart retta skuta seg sakte opp, og skipperen kunne byrja sløra unna vinden. Men veret hadde ikkje vorte betre,- heller det motsatte. Sjøane kom no inn bakfrå med eit brak og fyllte heile dekket fram til keisingen. Der stod kakskader av sjø rett opp. Alt bakpå båtdekk var vekke,- livbåt, redningsflåtar og diverse andre ting som var surra fast, var skyllt overbord.

Vi veit ikkje eksakt kva dag dette var i mars 1974. Men meteorolog Roar Hansen frå Brandal har gitt oss data og ei vurdering på kva veret eigentleg var i dette tidsrommet. Han seier mellom manna fylgjande: «*Det dannar seg eit stormcenter i Labradorhavet vest for Kapp*

*Farvell i dagane 8-10. mars med snøbyger og storm frå nordvest.....Eit anna stormcenter frå sørvest kjem inn over New Foundland i dagane 11-13. mars..... og utifrå det tette isobarfeltalet i området kan vinden vere oppe i orkan styrke.*



*Verkart frå mars 1974: Til venstre stormcenteret 9. mars. Til høgre stormcenteret 12. mars. (Utklipp frå tysk database [wetterzentrale.de](http://www.wetterzentrale.de))*

«*Det er utruleg at ein båt kan tolle so mykle juling. Det var skremmande og fasinerande på same tid*», seier Arne Odd i dag. Han hugsar også at mange sa at kom dei levande frå dette, so skulle dei aldri meir på sjøen. Seinare fekk dei høyra at om bord i Polaris, som var i same uveret, hadde eine tanken med diesel slått seg laus i rommet. Lukka var at det hadde vorte hol i tanken og lite diesel att, slik at den hadde



*Kveldsstemning om bord. Sverre Rekkedal på Bakken. Ved vinsja er truleg Vithfeldt, og den tredje heilt til venstre er muligens Ulvestad (Foto Røbekk).*

mindre kraft når den slingra rundt. Ellers kunne ein full tank lett ha slått seg gjennom heile skutesida.

Resten av natta og langt utover neste dag, sløra dei unna veret. Når vinden etterkvart spakna litt av, byrja dei igjen å gå i sakte fart med kurs for NFLD. Då dei omsider kom inn i isen, fekk dei tid til å sjå på skadene ellers i skuta. Det første var provianten der egg, mjøl og anna var ei einaste mørke. Ein heil del av det måtte berre kastas på sjøen. Og stakkars stuerten, som fekk jobben med å gjera reint. Ny proviant fekk dei fra dei andre skutene. I fremste rommet hadde ein kveil med snurpepline av ein tomme tjukk wire vorte kasta opp og stod no loddrett oppetter skottet. Den hadde forsikrte seg når skuta låg flatt mot babord. Ja, Veslemari hadde hatt so

mykje slagseite at tønna tok ned i bårene, påsto dei som var i rorhuset då det smalt.

Ein livbåt fekk dei med Polarbjørn, som hadde tre stykker. For livbåt måtte dei ha, sjølv om den ville vera til lite hjelp om dei fekk slikt ver på heimveg. Men det unngjekk dei heldigvis, og mannskap og skute kom velberga heim. Fangsten var heller ikkje so verst,- 1500 klappmyss i tillegg til den ordinære kvota grønlandsselet.

«So lotten vart brukbar,» avsluttar Arne Odd Røbekk.



#### Dimo AS – Hydraulikkspesialisten

Vil tilbyr service på hydraulisk utstyr og gjennom vårt Serviceteam står vi til teneste 24/7.

Reparasjon og service av sylinderar. Som Parker Distributør har vi stort utval av slangar, fittings, motorar, pumper og filter.

Dimo er forhandler av HS Marine kraner – kvalitets kraner for marine bruk.

Tlf. + 47 70 03 99 00  
E-post: office@dimo.no  
www.dimo.no




# Nokre kommentarar til bildetekstar.

## Og litt meir om grønlandssaka.

Av Magnus Sefland

**Polarbjørn (1919):** I artikkelen om *Bratlegg* i Isflaket nr 4/2019 er med eit fotografi av *Polarbjørn* (1919) frå ein gong på 1920-talet. På fotografiet viser *Polarbjørn* sitt fiskerimerke M 148 A, dvs Ålesund. Fotografiet var i bildeteksten tidfest til – truleg - 1926.

I 1928 og 1929 tilhørde *Polarbjørn* Johan Thorvik i Ålesund og hadde merket M 148 A. Fotografiet av *Polarbjørn* må etter alt å døme skrive seg frå 1928 eller 1929. (I 1926 tilhørde skuta sirkusdirektør Karl Norbeck og hadde fiskeriregistrering i Oslo: O 37 O).



*Polarbjørn* med merke M148A må altså vere frå 1928 eller 1929. Foto Peder Åkre.

**Hird:** Arne Odd Røbekk og Marit Karlsen Brandal hadde ein interessant artikkel i same nummer av Isflaket om blant anna Hird-ekspedisjonen til Nordaust-Grønland 1927-29. Der er det med eit fotografi av fem av Hird-karane. Bildeteksten fortel at fotografiet viser karane ‘om bord i *Hird* før avreise’.

Avreisa med *Hird* i 1927 gjekk i hastverk og løynd – med lite høve til gruppefotografering. Fotografiet av dei fem karane vart etter alt å dømme tatt på romluka framfor keisinga på *Veslekari* – mest truleg ved heimreisa i 1929. Bakgrunnen på fotografiet viser fronten av keisinga på *Veslekari*. (For samanlikning: Sjå fotografi av skipper Johan Olsen om bord i *Veslekari* i John Giæver: Hardbalne polarkarer (1957) side 97).

Då *Hird* drog ut i midten av juli 1927, var *Veslekari* mest truleg på – eller på veg til – sildefiske ved Island.

Skøyta *Hird* vart slått til vrak av storm allereie hausten 1927, medan ho låg i opplag på Nordaust-Grønland. Dei fem karane kom heim med *Veslekari*, som sommaren 1929 var på ekspedisjonsoppdrag til Nordaust-Grønland for Norges Svalbard- og Ishavsundersøkelser (NSIU).

**Ein del årlege tokt med DS *Veslekari* og MS *Polarbjørn* i tida då grønlandssaka var på det mest intense – så langt vi har oversikt:**


**1925:** *Veslekari* var i eige hos Skips AS Freda og disponert av Winge i Oslo. Byen skifte namn frå Kristiania til Oslo – *Veslekari* skifte fiskeriregistrering frå K 5 K til O 5 O.

*Veslekari* var på fangst i Kvitsjøen. Gjekk til Vardø for bunkring og ny tur i Kvitsjøen. Skipper Johan Olsen. Thor Iversen med som forskar.

Resten av året hadde noko preg av at skuta velta og fekk stor skade under slippsetjing ved Stormøllen i Bergen. Strid om ansvaret gjekk til Högsterett, som frifann verkstaden.

**Polarbjørn** var fram til juni i AS Sandnessjøens Privatbank si eige. Deretter i eige hos Einar Amundsen og Johan Olsen i Ålesund. Fiskeriregistrering M 251 A.

Om sommaren på fiske ved Vest-Grønland. Skipper Johan Olsen.



Veslekari i isen 1926. Foto Anton Sulebak

**1926:** *Veslekari* var på fangst i Kvitsjøen. Skipper Anton Sulebak. (Johan Olsen gjorde teneste som skipper på fiskerimoderskipet Helder ved Vest-Grønland). Skips AS Freda gjekk konkurs om hausten.

*Polarbjørn* var i eige hos sirkusdirektør Karl Norbeck i Oslo. Fiskeriregistrering O 37 O. Vestistur: jakttur for rike amerikanarar – og noko selfangst. Skipper ukjend.

**1927:** *Veslekari* vart sold frå Skips AS Freda, Oslo, til DS Furenak AS, Vartdal, ved Elling Aarseth m. fl. Ny fiskeriregistrering: M 20 VD. Fangst i både Kvitsjøen og Vestisen. Skipper Anton Sulebak. Om sommaren på sildefiske ved Island.

*Polarbjørn* på fangst i Vestisen. Skipper Hans Furland. Seinare på året i opplag i Mauselidvåg.

**1928:** *Veslekari* på fangst i Kvitsjøen. Skipper Hans Rekdal. Seinare på året leiting etter Roald Amundsen i området Bjørnøya – Svalbard.

Toktleiarar Johan Olsen og Oscar Wisting, skipper Hans Rekdal.

*Polarbjørn* vart overtatt av Johan Thorvik, Ålesund. Fiskeriregistrering M 148 A.

Fangst i Kvitsjøen, skipper ukjend.

Om sommaren sildefiske ved Island, deretter fraktfart til Sør-Sverige og Tyskland.

**1929:** *Veslekari*: Manglar informasjon om eventuell fangst.

Om sommaren på ekspedisjonstur til Nordaust-Grønland for Norges Svalbard- og Ishavssundersøkelser (NSIU) og Arktisk Næringsdrift AS (AN). Skipper Hans Rekdal. Kjentmann, islos og styrmann Vebjørn Landmark. Ekspedisjonsleiar Anders K. Orvin.

Hallvard Devold med på utreise for overvintring. Fem av dei seks frå Hird-ekspedisjonen 1927-29 kom heim med *Veslekari*.

(NSIU var det statlege forskingsinstituttet, AN var eit privat kommersielt foretak. Fleire



Polarbjørn i isen 1928 eller 1929. Foto frå Peder Åkre.

ishavsreiarar på Sunnmøre hadde aksjar i AN. Både forskingsinstituttet og det private foretaket vart etablerte i 1928 og hadde same kontoradresse i Oslo. Ekspedisjonen til Nordaust-Grønland var instituttet sin første meir omfattande ekspedisjon).

**Polarbjørn** var på fangst i Kvitsjøen. Skipper Hans Furland. Berga mannskap frå fleire skuter. **Polarbjørn** var forsikra mot totalforlis, men ikkje mot delskade. Under fangsten og bergingsaksjonane fekk skuta så mykje skade at det påverka Thorvik sin økonomiske situasjon avgjerande i negativ lei.

Om sommaren var **Polarbjørn** på sildefiske ved Island. Johan Thorvik gjekk konkurs om hausten. **Polarbjørn** var del av konkursbuet og vart seinhausten seld på tvangsauksjon til AS **Polarbjørn** i Brandal.

**1930: Veslekari** var på fangst i Kvitsjøen. Skipper Paul Lillenes.

Om sommaren på ekspedisjonstur til Nordaust-Grønland for Norges Svalbard- og

Ishavundersøkelser og Arktisk Næringsdrift AS. Ekspedisjonsleiar Adolf Hoel.

**Polarbjørn** var på fangst i Kvitsjøen. Skipper Kristoffer Marø. Om sommaren på hækjerringfiske i Danmarkstretet og deretter i fraktfart.

**1931: Veslekari.** Manglar informasjon om fangst.

**Veslekari** var om sommaren på den første av fire ekspedisjonsturar i Norskehavet og til Aust-Grønland med Louise Arner Boyd. Skipper Paul Lillenes.

**Polarbjørn** var på fangst i Kvitsjøen. Skipper Kristoffer Marø, førsteskyttar Vebjørn Landmark. Per Høst med som forskar.

**Polarbjørn** var om sommaren på sin første av ei rekke ekspedisjonsturar til Nordaust-Grønland for Norges Svalbard- og Ishavundersøkelser og Arktisk Næringsdrift AS. Skipper Kristoffer Marø. Ekspedisjonsleiar Adolf Hoel.

Hadde med heimover Arne Høygaard og Martin Mehren, som hadde kryssa grønlandsisen fra vest mot aust.

Både *Veslekari* og *Polarbjørn* var i løpet av sommaren 1931 inn om Myggbukta og helsa på Hallvard Devold og dei andre karane som i juni det året hadde heist det norske flagget og proklamert Eirik Raudes Land som norsk område.

*Polarbjørn* leverte forsyningar til Myggbukta og dei andre norske fangststasjonane på Nordaust-Grønland. Hadde med journalistar frå Tidens Tegn, Dagbladet og Aftenposten, som skulle dekkje okkupasjonen av Eirik Raudes Land.

Den norske regjeringa stilte seg bak okkupasjonen. Danmark sende saka umiddelbart over til den internasjonale domstolen i Haag.

**1932:** *Veslekari* var på fangst i Kvitsjøen. Skipper Paul Lillenes. Lillenes arrestert ei kortare tid av russarane for å ha vore innanfor konsesjonsgrensa (Porga-affæren).

Informasjon om aktivitet resten av året manglar.

*Polarbjørn* var til denne sesongen oppgradert på fleire måtar, blant anna med sterkare hovudmotor, ein Atlas diesel 360 hk. Staten, ved Stortinget, bidrog til finansiering av motoren.

Var på fangst, først i Kvitsjøen, deretter i Vestisen. Skipper Kristoffer Marø. Per Høst med som forskar.

Om sommaren ekspedisjonstur til Nordaust-Grønland for NSIU og AN. Skipper Kristoffer Marø, styrmann Mikal Marø. Ekspedisjonsleiar Anders K. Orvin. Hadde med to fly som vart brukte til fotografering og kartlegging av Eirik Raudes Land.

Helge Ingstad var med på utreise og starta sin funksjon som norsk sysselmann for Eirik Raudes Land, med base i Antarcticahavn.

I juni 1932 vart det inngått kontrakt mellom AS Polarbjørn og den norske stat, ved Handelsdepartementet, om leige av *Polarbjørn* i 5 år, med rett til å fornye kontrakten for 5 nye år. (Av omsyn til blant anna bunkershandtering såg NSIU seg truleg betre tente med den dieseldrivne *Polarbjørn* enn den kolfyrte *Veslekari* som ekspedisjonsfartøy).

**1933:** *Veslekari* var på fangst i Kvitsjøen, leverte fangst i Tromsø og gjekk deretter i Vestisen. Skipper Johan Olsen.

Om sommaren på ekspedisjon med Louise A. Boyd til Jan Mayen og Nordaust-Grønland. Skipper Johan Olsen. Fekk til sommar-ekspedisjonen montert ekkolodd.

*Polarbjørn* var på fangst i Kvitsjøen. Skipper Kristoffer Marø. Berga mannskapet frå *Hjelmen*.

Om sommaren på ekspedisjon for NSIU og AN til Svalbard og Nordaust-Grønland. Skipper Kristoffer Marø. Bygde Isfjord radio og fyr på Kapp Linne.

Medan skutene var på fangst fall dommen i Haag i april 1933. Dommen gav Danmark full råderett over heile Grønland. Helge Ingstad la ned funksjonen som sysselmann for Eirik Raudes Land. Han heldt fram resten av overvintringa som fangstmann.



*Hjelmen* forliser i Kvitsjøen 1932, og mannskapet vert tekne opp av *Polarbjørn*. Foto frå Gudveig Berge.

# Natt på museet

Fredag 7. februar var det «natt på museet» for born i alderen 10 til 12 år.

40 born hadde meldt seg på til denne kvelden, og det var 5 vaksne som var klare til å ta i mot dei.

Mange spente born kom inn museumsdørene. Nokon hadde vore med i fjar og nokon var nettopp blitt gamle nok til å bli med. Her var barn frå heile Hareid kommune, men også frå Ulsteinvik og Ålesund.



Etter litt informasjon om kva som skulle skje, vart det ei omvising tilpassa alderen. Museet var mørkt, men lommelyktene lyste godt opp. Vi gjekk i andre og tredje etasje på museet og sjølvsagt ombord på Aarvak. Etter omvisinga vart det vist film om Ragnar Thorseth. Høgdepunkta i filmen var som vanleg når Ragnar mata isbjørn med laks og når isbjørnen kom om bord skuta.

Borna vart delte inn i grupper på fem til polarquizen. Quizen var litt oppdatert sidan i fjar, så alle fekk noko å bryne seg på. Nytt av året var knyte-konkurranse om bord Aarvak. Sindre var i Aarvak-bygget og viste dei åttetalsknuten og borna skulle gjenta den.



*40 ivrige born med kvar si lommelykt lyttar til museumspedagog Beathe Holstad sine historier om fangstlivet. Alle foto: Elisabeth Nesset*

Eit poeng for kvar på gruppa som klarte den. Det vart satt av ekstra tid til quizen i år så alle fekk god tid til å gå på jakt i museet etter dei rette svara.

Quizen vart retta medan borna spiste ishavspizza, drakk brus, prata og kosa seg.

Ny «natt på museet» blir i februar 2021. 😊



# Petter Gudleik Liavåg blar i minneboka

Av Johannes Bjarne Alme

«Å oppleve sorga og gråten til mor etter at far og to av hennar brør kom bort med «Buskø», var svært vondt, og gjekk veldig inn på meg», seier Petter Gudleik som var 13 år når dette hendte.

Isflaket har teke ein prat med den kvikke og lette 80-åringen omkring hans yrkesliv, spesielt relatert til det som har med fangst og ishavsskuter.

Petter Gudleik er fødd inn i ei ishavsfamilie. Bestefar hans var Severin Liavåg som reiste til Aust-Grønland med «Floren» og vintra over. Bestefaren drukna under isbjørnjakt på denne turen. Bestemora, ho Gurine, kalla Gurna, vart enke som 24 åring.

Sonen Einar var skyttar på «Polaris» og var i eine fangstbåten når mannskapet til «Saltdalingen» vart berga i Nord-Atlanteren vinteren 1939.

Broren Petter, far til Petter Gudleik, var med «Polaric» på selfangst i Vesterisen i 1940. Skuta vart ute heile krigen, blant anna var den til Ny-Ålesund og henta mannskapet der når Svalbard vart evakuert.

Sidan vart skuta stasjonert på Island. Martinus Brandal (Tin) var skipper, Petter var førsteskyttar.

Petter Gudleik er fødd 13. juli 1939, i Brandal. Mora var Gudrun fødd Solheim. Første åra budde både bestemor Gurine, Einar med si familie og Petter si familie i Gurnahuset i sentrum. Etter krigen bygde Petter og Gudrun hus på Hareid, og Petter Gudleik begynte i 3. klasse på Hareid.



Petter Gudleik Liavåg med æresmedalje frå Norges Rederiforbund



Polaric på Svalbard i krigsåra. Foto frå Sverre Omås.

Eit minne Petter Gudleik har frå krigen, det var at dei brukte å hente mjølk i Risegarden. Petter Gudleik var berre vesle guten, men han hugsar at då han kom fram til Moldskredgaren, kom gamle Moldskred og spurte om dei hadde høyrt noko frå faren og «Polaric».

Første gong Petter Gudleik såg faren, var i 1945 når «Polaric» kom heim til Brandal. «Eg minnes enda at vi var ned på kaia på ystefabrikken, og folk kom på land, og så såg eg ein som kom mot oss, og tenkte at dette må vere han far!»

I åra far var ute var onkel Olav Solheim nærest som ein far for oss, han såg eg veldig opp til, og han hjelpte oss mykje».

Nokre år etter, vart Petter skipper på Vartdalskuta «Buskø». I 1951 gjorde dei ein kjempetur i Vesterisen, 3150 blueback og vaksne klappmyss og 90 tonn med spekk.

Petter sin eldste bror – Sverre Gustav, var med på den turen. (og i Danskestretet i 1949).

«Han hadde også lyst å utsette realskulen for å tene meir pengar, men heldigvis gjekk han realskulen i 51/52, det berga nok livet hans då», seier Petter Gudleik.


**Vesteristuren i 1952;** Petter var som nemnt skipper, ein annan Brandaling, Karsten Brandal var førsteskyttar. Vidare hadde Einar med svograne, brødrane Alf og Olav Solheim. Skipper Petter fylte 46 år den 2. april.

Forlis og dødsdagen har seinare vorte sett til 4. april. Det gjekk ikkje mange dagane etter dei heime fekk høyre om stormen og at «Buskø» var ei av dei sakna skutene.

«Det var ei fael tid, mange som spurte. Og alt dumt som vart skrive i avisene. Synske som såg mannskap på isen som sto reiseklare, heile mannskap i Russland som var på heimveg med fly. Vi hadde sjølv sagt eit håp om at dei hadde problem med antennen eller noko anna, men vi skjønte ganske raskt at det var slik ja».

«Ein som var fint å prate med, og som var grei i denne situasjonen var læraren min, Ingolf Hareide. Han spurte og prata skikkeleg med meg.

Mor var utrøysteleg og gret mykje, utan at vi kunne hjelpe ho. Det tykte eg var svært vondt, og gjekk hardt inn på meg.» seier Petter Gudleik.



Skipper Petter Liavåg

I Tjørvåg var det minnegudsteneste for mannskapet på «Pels». For «Buskø» var det på Vartdal, mor var invitert på den.

Presten på Hareid, han Nilsen, korkje såg eller høyrdi vi noko frå. Men han Otto Holmås, som hadde vore prest på Hareid tidlegare, hadde vore prest i Bergen, men hadde no fått stillinga som domprost i Nidaros, stoppa i Ålesund på vegen nordover, og han kom til Hareid og besøkte henne mor. Det sette både ho og vi stor pris på.

«Mor hadde eit stort ønske om å få namnet til far saman med sitt eige namn, på gravstøtta når ho døde. Biskopen aksepterte det, men vi måtte skrive det slik at det gjekk fram at far ikkje låg her, men likevel, mor fekk ønsket sitt oppfylt.

Hadde ikkje biskopen akseptert det, hadde vi nok gjort det likevel», legg han til med eit smil.

Med forliset, tapet av faren og mor si sorg, kan vi i dag tenke oss at sjøen og ishavet ikkje var



*Ishavsskuta Brandal ligg i bøya på fjorden utanfor Brandal.*

yrkesvalet til Petter Gudleik og brørne, men nei da, alle tre vart sjøfolk.

Dagen etter konfirmasjonen gjekk Petter Gudleik om bord «Brandal» for å vere fangstmann i Danskestretet.

Ole Follestad var skipper. Bueide førsteskyttar og Hans Rønning andreskyttar.

Eg måtte lære, og eg var ikkje verdens sterkaste, men arbeidde gjorde eg så godt eg kunne. Vi fangsta 1800 dyr og hadde 173 fat med håkjerringstran. Det var spennande å vere på fangst.

Som yngstemann om bord var det min jobb å vere nede på tankane og platte ned skinna. Ein kveld eg sto ned på ein tank og venta på skinna, slo det inn i hovudet på meg at eg hadde bursdag, eg fylte 15 år den dagen!

Sommaren etter var han smørar på «Reinsfjell» på Grønland, skipper Ruben Brandal.

Vidare utover 50-talet vart det fiskeri med «Reinsfjell», «Tampen» og «Hareidingen», og selfangst i Vesterisen med «Fangstmand» skipper Ola Nybø og «Signalhorn» skipper Bjarte Brandal og «Polaric» skipper Olav Aasmo.

Turen med «Signalhorn» i 1958 var ein god tur. Dei låg saman med fleire andre skuter, så sette isen saman. Alle vart faste, men «Signalhorn» låg i utkanten, og med hard jobbing med dynamitt, vinsj og vaier, klarte dei å kome seg lause.

Dei gjekk vidare nord gjennom, og kom rett inn i Bluebacken. På få dagar fangsta dei 1200 Blueback og 1100 vaksne klappmyss. Då var skuta meir enn lasta.

Tankane og lausfangstrommet var fullt. Så både renna akter og på begge sider framme var skinn. Dei tredde vaier og tau gjennom sveivehola for at skinna ikkje skulle forsvinne om det vart slingring. Det gjekk bra, alle skinna vart med over havet og heim til Brandal.

I januar 1960 venta militærtenesta. Det er forskjellige minner Petter Gudleik har frå året i militære, men då han på Trandum skulle skyte på 200 meteren saman med offiserane, deriblant Kong Harald, humrar han godt over. Det vart ropa og spurt kven som skaut på den skiva, der var berre tiarar og ein niar. «Det var skiva mi. Då var det ikkje fritt for eg var litt stolt.»

Sidan fekk Petter Gudleik plass om bord «Hvalrossen». «Folk på Liavågen spurte kven som var død, sidan eg fekk plass der om bord. Det var ingen som brukte å slutt der, men Ivar Vartdal gjekk i land, og sånn var der ein ledig plass om bord.»

Første turen var sildefiske på Shetland. «Hvalrossen» fiska godt, så det vart mange turar. Seinare på hausten vart Petter Gudleik også med å pusse skuta.

Kåre Øvreli var skipper på fiskeri, mens Norvald Liavåg var skipper i Vesterisen. Begge to flotte karar å vere på sjøen med, aldri noko tull der. «Hvalrossen» var jamt ei av



*Hvalrossen med ein dagsfangst på 700 sel i  
Danskestredet 1954. Foto Kjell Yksnøy*

toppskutene i Vesterisen, så dei andre skutene hadde respekt for skuta.

Norvald hadde god teft og mykje erfaring. Reiar var Bjørn Øvreliid, «Banna-Bjønn». Han brumla no og brukte kjeft. Han var også framsynte. Isfinnar, nylonnòt og kraftblokk var «Hvalrossen» av dei første treskuten som fekk. Mannskapet var samansveisa, alle visste kva dei skulle gjere, så det var ikkje tilfeldig at vi både fangsta og fiska godt.

Petter Gudleik var aldri skyttar om bord, men på ishavet skaut han. Sidan han både likte og var flink å skyte, hadde han eige gevær, ei Kongsberg rifle, nummer 824 i ein serie på 1000. Dette geværet brukte han også på ishavet. Nokre år seinare, observerte han gutane sine på plenen heime med geværet, då bestemte han seg for å selje børsa. Det vart gjort, kjøparen var Arne Sørhagen, prest på Hareid.

Når «Hvalrossen låg stille, tok Petter Gudleik gjerne andre turar, så desse åra var han både på

rundfisktur med «Nordengen» kveitetur med «Hindholmen» og på sildefiske i Skagerak med «Polarsel».



*Hvalrossen, Petter Gudleik til høgre. Foto Haandlykken*

Når reiarlaget bygde «Polarstrøm», som kom ut hausten 1966, var det meinингa at dei skulle drive begge båtane. Det var i alle fall årsaka til at Petter Gudleik ikkje fekk plass om bord «Polarstrøm», dei kunne ikkje ta heile mannskapet frå «Hvalrossen».

Petter Gudleik synets ikkje noko om det, så etter turen i Vesterisen i 1967 slutta han.

I ettertid seier han at han aldri har vore i eit slik flott arbeidsmiljø som dei hadde om bord «Hvalrossen» desse åra.

Petter fekk då plass på «Polarbjørn», skipper Henrik Marø.

Dei starta i Juni med ekspedisjonstur til Jan Mayen, Svalbard og tre ekspedisjonsturer til Aust-Grønland. Til Jan Mayen og Svalbard hadde vi med forsyningar.

Frå Ny-Ålesund til Namsos frakta vi brom frå dei nedlagte gruvene. Denne farta var Petter Gudleik med på i to sesongar. Eit av åra hadde dei med utstyr til dei to første kuplane / domane i Ny-Ålesund.

Så var det til København og laste for Grønland. Tingmiarmiut, Angmagssalik og Aputiteq var faste lossestadar på Grønland. Eit år var dei også til Scoresbysund med ein ekspedisjon som skulle inn til Hecklamann og drive med bergundersøkingar.



*Polarbjørn lossar utstyr på Jan Mayen, her i 1965. Foto frå Magnar Aklestad.*

«Polarbjørn» heitte tidlegare «Jopeter» og er kjent som skuta som «forliste», men vart funnen att året etter. Det hendte i 1955. På veg heim frå ekspedisjon på Grønland vart skuta fast i isen og

missa propellen. Skuta vart forlaten, og sidan ikkje observert før sommaren etter.

På ekspedisjonsturen i 1969 hendte det same. Dei missa propellen utanfor Skjoldungen. Dei klarte då å kome seg inn i fjorden der dei vart liggande å drive for ver og vind, flo og fjøre, ventande på slepebåt frå Godthåp.

Det tok meir enn ei veke før slepebåten «Sigyn» klarte å kome gjennom isen og inn til dei. Ein tjukk nylonslepar vart rigga til, og slepet begynte.

På veg ut gjennom isen huka sleparen. Både folka på «Polarbjørn» og «Sigyn» såg kva som heldt på å skje og sökte dekning. Sleparen strekte valdsamt før den brakk.

Då for den som eit prosjektil mot «Sigyn» Der var jarnbaneskinner som beskytta i mot slike hendingar. Sleparen tvinna seg rundt, og ein meter av skinna falt i dekk. Då dei kom til Reykjavik, var Petter Gudleik om bord «Sigyn» for med sjølvsyn sjå denne skaden. Sleparen vart snurra av stålbiten, og biten vart sveisa på plass att.

«Polarbjørn» hadde med reservepropell. Det gjekk greitt å montere propellen. Det var berre det at dreieretninga på propellen var motsett av den dei hadde misst. Så når det vart telegraferte framover, måtte maskinfolka drage akterover for at skuta skulle gå framover.

Ekspedisjonsturane med «Polarbjørn» minnes Petter Gudleik som kjekke turar med mange fine opplevelingar.

Petter Gudleik hadde alltid likt å lage mat, og i 1968 mönstra han stuert på «Flømann», eit år med snurpefiske.

Året etter er han på ekspedisjonstur både med «Polarhav» og «Polarbjørn». Sidan går han om bord «Kvitungen» som stuert. Skipper Per Bøe. Det var eit par år med selfangst og snurpefiske. For første gong var Petter Gudleik på selfangst på Newfoundland.



Kvitungen på selfangst ved Newfoundland. Foto fra Olav E. Bogdanoff

På fangstfeltet steikjer han brød seks dagar i veka. Når dei er i selkastet tek han nokre timar på isen og klarer ei 30-40 dyr dagleg. Samt ein del arbeid på dekk inn i mellom.

Det mest spesielle han er med på i tida om bord «Kvitungen» var då skuta vart engasjert av Skotske naturbeskyttelsen for å redusere bestanden av havert i naturreservatet ved Farneøyane.

Petter Gudleik seier at det er den største velgjerninga han nokon gong har vore med på å gjort mot dyr.

Ungane var stort sett sjuke, det rann ut av augene, og avføringa var grøn og goplete.

Vi gjekk i land. Skyttarane stod i fjøra, medan vi andre gjekk opp i marka og jaga dyra ned til skyttarane som tok dei i fjøra. Så var det å jolle dei om bord, og flå dei på dekket.


Spekket var også heller goplete, så dei var ekle å flå, minnes han. Så vidt Petter Gudleik hugsar vart skrottane slepte i havet, medan skinnnet med spekket vart lagt på RSW-tankane.

Dei klarte ikkje å ta alle dei 2000 dyra som dyrebeskyttelsen ønska, men rundt 1500 dyr vart tekne, så langt han minnast.

Første halvår 1974 er Petter Gudleik stuert på «Polaris», skipper Petter Toftesund. Det er både loddefiske og fangsttur på Newfoundland. Sommaren og hausten er han stuert på herøysnurparen «Poseidon», skipper Inge Nærø.

I januar 1975 er Petter Gudleik med på å ta ut Rieber sin nye «Polarbjørn» frå verftet på Kyrksæterøra. Johannes Lie var skipper.

Han mønstrar matros, og etter dåp i Bergen og ombygging i Le Haver og utrustning i Brest, går dei ut å begynner å skyte seismikk i Biscayabukta.



Polaris på sildefiske i 1968. Foto frå Svein Berg

Etter dei er ferdig der går turen sørover og dei startar skyting nær land på sørkysten av Portugal.

Det går ikkje lang tid, så kjem ein vaktbåt til og ropar på dei og ber dei stoppe.

Med to lyttekablar kvar på 1800 meter ute, var det uråd å stoppe. Vaktbåten skyt både eitt og to skot framfor baugen på «Polarbjørn» så vassøyla står høgt til vers.



Polarbjørn i sydisen 1988. Foto fra nettstaden [www.archives-polaires.fr](http://www.archives-polaires.fr)

Ingen av mannskapet kan portugisisk, og om bord vaktbåten talar ingen engelsk. Redninga vert ein i frå seismikkelskapet CGG som kan litt spansk, han spring på brua og får forklart vaktbåten situasjonen.

Kort tid etter kjem ein delegasjon på tre mann om bord «Polarbjørn» frå den portugisiske vaktbåten. Først er det ein offiser med, stripa og lykker. Så kjem ein marinegast med ei krag på ryggen. Til sist kjem ein annan marinegast med ei stor kasse på ryggen, det er radiosendaren. Det er ikkje fritt for at offiseren brukar seg litt, styrmannen på «Polarbjørn» vert skremd, og i følgje Petter Gudleik nærast kryp han oppetter skotet på brua i frykt for å verte skoten. Men heile situasjonen går etter kvart over.

Utstyret «Polarbjørn» brukte på seismikk var kjelar som laga stim, ei stimkanon som skaut



*Petter Gudleik har vore innom bade fiske, selfangst og oljeleiting.*

trykkbølger i havet, og så to lyttekablar som hang etter skuta, om lag 1800 meter lange.

Etter Portugal går turen over Atlanterhavet og inn gjennom Nordvestpassasjen, der dei også skyt seismikk. I det til tider tronge farvatnet nyttar dei kortare lyttekablar. I blant brukar dei også mobile lyttebøyer som lyttar og sender signala om bord «Polarbjørn» før dei sjølve sekk til botns.

Ei utfordring under seismikkarbeidet for det franske selskapet CGG er maten. Det norske mannskapet skal ha norsk mat, noko dei franske kokkane slett ikkje beherskar.

Det tek heller ikkje lang tid før dei fine franske bagettane vert grønmygla i den heller fuktige lufta om bord.

Etter kvart finn mannskapet ei løysing. Petter Gudleik steikje brød om natta, og lagar også til norsk mat. Noka heile mannskapet set pris på. Ja det er heller ikkje å legge skjul på at hadde franskmennene ei moglegheit, så tok dei gjerne ei skive eller to med norsk brød.

Brøda vert plassert på Chieflugaren til Bjørn Marø saman med brødfjøl og kniv. Der går mannskapet og skjer skiver når dei ønskjer.

Ein som ikkje var tilfreds med det norske bakeriet og matlaginga var sjefen for CGG om bord. Han gav Petter Gudleik ordre om å slutte med matlaginga, om ikkje måtte han rapportere han til skipperen. Petter Gudleik nekta, og då franskmannen vende seg til skipperen vart han blankt avvist. Med mindre dei franske kokkane la om kosthaldet.

Petter Gudleik kosa seg, og tilbydde seg å lage brød til franskmennene også om dei betalte, noko dei sjølv sagt avslo!

Midt i turen var «Polarbjørn» til Upernivik på Grønland og bunkra, så attende til Nordvestpassasjen.

Etter sesongen var over, gjekk dei til Middelhavet og begynte på seismiske undersøkingar der. Petter Gudleik mönstra av i Italia, reiste heim og mönstra på som stuert på nybygget «Polarsirkel», skipper Magnar Aklestad.

Det første skuta gjer er å laste om bord tønner for Canada, derfrå går dei rett ut på fangstfeltet på Newfoundland. Når kvota er teken, kursar dei heim.

I Vesterisen har Rieberskuta «Fortuna» forlist. Mannskapet vart tekne opp av «Kvitungen», og er framleis om bord der.

«Polarsirkel» skal losse i Tromsø, så dei går nord for Island og tek med mannskapet frå «Fortuna» til Tromsø. Etter lossing, vasking og attende i Ålesund, kjem Relling frå kontoret og ber dei gå til Vesterisen for å løyse hjelpeskipet «Harmoni» og «Is-Ola» som framleis ligg faste. «Harmoni» har fått skade på propellen.

Magnar Aklestad lar seg ikkje be to gongar og får med mannskap og dreg av garde. Dei går inn i isen og løyser begge skutene. Isen er stor og teit, så dei må lose «Is-Ola» ut gjennom isen. Dei får også ein storm på veg ut.

Hausten 1976 startar Petter Gudleik som matros/kokk på forsyningsbåt i reiarlaget Johan Hagenæs.

Etter kvart vert Petter Gudleik stuert, og han tek også skule for å ha papira i orden. Han er på ulike fartøy i mange ulike oppdrag, frå rein forsyningsteneste til dykkaroppdrag. I Hagenæs vert Petter Gudleik verande til han går av med sjømannspensjon i 2002.

Som pensjonist tek Petter Gudleik ulike oppdrag, både på supply og anna, blant anna som stuert på kolmuletråling på «Sæbjørn». Sommaren 2017 er stuert Petter Gudleik til Polen og hentar heim ishavets stoltheit, «Polarstar»! Det var ei flott avrunding på ei lang karriere på sjøen!

«Eg har vore heldig på sjøen, mange gode turar, kjekke og flinke folk. Og eg har fått vere med på ei fantastisk utvikling!»



Petter Gudleik Liavåg var til Polen for å hente Polarstar i 2017 og var stuert på turen heim.

**HPT Trading AS**  
**HPT Eiendom AS**  
**Tlf. 70 10 72 00**



**Sport Vest AS**  
[www.sportvest.no](http://www.sportvest.no)

## **”...han er en meget farlig mand, fordi han har charme...”**

**Historien om et venskab mellem Knud Rasmussen og Rockwell Kent, som aldrig blev fortroligt**

Af Erik Torm

Artiklens overskrift er møntet på den amerikanske kunstner, forfatter og eventyrer Rockwell Kent (1882-1971). Rockwell Kent kommer til Grønland første gang i 1929 og slår sig sidenhen i to omgange ned i bygden Illorsuit på Ubekendt Ejland i Uummannaqfjorden; begge gange i en periode på mere end et år.

Og det er Knud Rasmussen, der fører pennen. Det gør han i et brev til datteren Hanne sendt fra Den Haag den 1. december 1932<sup>1</sup>. Allerede i august 1932 har Knud Rasmussen på vej tilbage fra Uummannaqfjorden til Østgrønland og den 7. Thuleekspedition skrevet et brev til Hanne<sup>2</sup>, der advarer hende mod Rockwell Kent.

Hvad er der gået forud, som giver Knud Rasmussen anledning til i sommeren 1932 at lægge så stærkt afstand til Rockwell Kent? Det vil jeg forsøge at kaste lys over i denne artikel.

### **Blev Knud Rasmussen og Rockwell Kent reelt venner?**

Tre år tidligere møder Rockwell Kent og Knud Rasmussen hinanden i Grønland for første gang. Han møder også Peter Freuchen for første gang. Begge gør et stort indtryk på ham.

Da ”M/S Disko” i eftersommeren 1929 sejler fra Godthåb til København, er Rockwell Kent med ombord. Det er Knud Rasmussen også. Knud er på vej hjem fra et sommerophold i Grønland, hvor de bl.a. har været i Thule.



*Knud Rasmussen under filmoptagelserne ved Nuliarfik, Karrat Isfjord, juli 1932. Foto: Ferdinand Vogel (fra Fanck und Vogel: Mit der Kamera in Grönland)*

Mødet i Grønland bliver indledningen til et varmt og fortroligt venskab mellem Rockwell og Peter, der varer helt indtil Peters død i 1957. Det fører også til et venskab med Knud, som dog ser ud til at blive nedfrosset allerede i maj 1931, og som slutter senest i sommeren 1932. Venskabet mellem de to er i virkeligheden så kortvarigt, at det måske er problematisk at betegne det som et venskab. Der er snarere tale om noget, der begynder som en gensidig fascination, der hurtigt slår over i ”væren på vagt” og måske endda misundelse.

Men tilbage til efteråret 1929. ”Disko” anløber København den 19. september, hvor Rockwell bliver modtaget af sin hustru Frances. I første

<sup>1</sup> Brev til Hanne 1.12. 1932, Knud Rasmussen-arkivet i Frederiksværk

<sup>2</sup> Brev til Hanne, 8.8. 1932, Ilulissat Museum



*Rockwell Kent på stranden i Illorsuit, juli 1932,  
Arktisk Instituts arkiver.*

omgang bor de hos Kaptajn H.F.V. Hansen , men ret hurtigt flytter de til Dagmar og Knuds hus i Hundested, hvor Rockwell fuldfører illustrationerne til en ny-udgivelse af Herman Melvilles, "Moby Dick". 1. december 1929 rejser Frances og Rockwell hjem efter to intense

<sup>3</sup> Emmy Langberg (1902-1993), eventyrerske, fotograf, etnograf. Hun var Knud Rasmussens sekretær og ledsager på fire Grønlandsekspeditioner og ved optagelserne af "Palos brudfærd". Hun var også dybt involveret i Knud Rasmussens forskningsarbejde

<sup>4</sup> Brev fra Knud Rasmussen til Rockwell Kent 13.6.1930, Smithsonian Archives of American Art, Reel 5228, Frame 260-324(37)

for ikke at sige euforiske måneder i Hundested for alle involverede parter, og kontakten vedligeholdes med breve.

Allerede i juni 1930 opstår der en lille kontrovers mellem de to, idet Rockwell til Dagmar beklager sig over, at Emmy Langberg<sup>3</sup> ikke har fremsendt nogle fotos som aftalt. Knud gør i et brev<sup>4</sup> ret meget ud af at tage Emmy i forsvar. Emmy er Knuds sekretær, hvad jeg vil vende tilbage til. Det virker på mig som en meget nærtagende og ærekær reaktion på vegne af Emmy. Ingen skal beklikke Emmys arbejde som sekretær.

Vi skal senere se, at det ikke er sidste gang, at Knud reagerer nærtagende på Emmys vegne med konsekvenser for hans forhold til Rockwell!

I efteråret 1930 køber Knud en motorbåd i Norge, som skulle være specielt god til at sejle under grønlandske forhold<sup>5</sup>. Da han skriver om det, så får Rockwell tilsyneladende den opfattelse, at båden skal sejles fra Europa til Grønland og lægger derfor i to breve<sup>6</sup> med stor begejstring op til, at de kan sejle sammen derop og så i øvrigt gøre et stop i Island.

I slutningen af marts 1931 redegør Knud nu for, at båden skal transporteres med et fragtskib til Grønland<sup>7</sup>, men at han vil være glad for, om de kunne kombinere deres rejser i Grønland denne sommer. Nogle få dage senere følger han op med at fortælle Rockwell, at han er under et stort arbejdsspres og desuden har svært ved at skaffe

<sup>5</sup> Brev fra Knud Rasmussen til Rockwell Kent 10. 1. 1931, Smithsonian Archives of American Art, Reel 5173, Frame 1272-1349(56-58)

<sup>6</sup> To breve fra Rockwell Kent til Knud Rasmussen 16. 2. 1931 og 5.3. 1931, Smithsonian Archives of American Art, Real 5228, Frame 260-324(57-58)

<sup>7</sup> Brev fra Knud Rasmussen til Rockwell Kent 23.3. 1931, Smithsonian Archives of American Art, Reel 5173-Frame 1272-1349(61)

penge til sin ekspedition<sup>8</sup>, (6. Thule-ekspedition), så man må få den opfattelse, at det er uvist, om hans ekspedition overhovedet kan blive til noget.

Til sidst i brevet foreslår Knud, at de taler planerne igennem, når Rockwell kommer til Danmark på vej til Grønland, fordi situationen til den tid vil være mere afklaret.

Den 30. april 1931 rejser Rockwell og Frances<sup>9</sup> fra USA over Tyskland til Danmark<sup>10</sup>. De gör først ophold hos Peter Freuchen på Enehøje i Nakskov Fjord. Bagefter drager de til København, hvor Knud tager imod dem, men til Rockwells store skuffelse lader han dem ikke bo hjemme hos sig. *"It was therefore a great disappointment to find that despite Knud's most hearty reception he had arranged to farm us out to a family in Copenhagen who, though as good people as one might ever meet, were not friends whom we had come to see."*<sup>11</sup>

Rockwell møder altså Knud i København inden afrejsen til Grønland, således som Knud i brevet lagde op til, men hvor meget de ser til hinanden og sammen får drøftet grønlandsplaner, det fortørner sig i det uvisse.

Den 10. juni<sup>12</sup> sejler Rockwell til Grønland. Frances tager spontant med til Thorshavn, og derfra straks retur til København.

<sup>8</sup> Brev fra Knud Rasmussen til Rockwell Kent 29.3. 1931, Smithsonian Archives of American Art, Real 5228, Frame 260-324(59)

<sup>9</sup> Frances er Rockwell Kents andet ægteskab og gode venner med både Knud og Dagmar og Peter og Magda

<sup>10</sup> Brev fra Frances Kent til Peter Freuchen 15.4. 1931, Smithsonian Archives of American Art, Reel 5184 Frame 290-866(112)

<sup>11</sup> Rockwell Kent: *It's me O Lord*, Dodd, Mead & Company, New York, 1955, s. 452

<sup>12</sup> Tidsskrift for den grønlandske tjenestemannsforening, 1932

I første halvdel af juli ankommer Rockwell til Illorsuit<sup>13</sup>.

Knuds motorbåd, "Dagmar", bliver den 3. august fragtet fra København til Qaqortoq<sup>14</sup>. Og der er ikke noget, der tyder på, at de to træffer præcise aftaler om at mødes i Grønland endslige om at udføre fælles ekspeditioner.

Hvis Rockwell er blevet en anelse pas på Knud under hele dette forløb, så er det forståeligt.

Noget må der i hvert fald være sket mellem de to, for i et afgørende brev til Rockwell i juni 1931<sup>15</sup> skriver Peter Freuchen, at Knud er jaloux på Rockwell som forfatter<sup>16</sup>, og at Peter derfor råder Rockwell til ikke at rejse og færdes sammen med Knud: *"But I am awfull sorry because you did not know, that Knud is the very finest fellow in the world, but he is jealous, he cant help it, he craves to be the best and biggest and most drunk in the company. And now he found out, that you also as writer press him to the ground, and that make him show himself open. Dont go and travel with him. I can do it, but you cant."*

Brevet er helt åbenbart en reaktion på noget, Rockwell har betroet sig til Peter med efter mødet med Knud i København.

## Breve fra Peter Freuchen til Rockwell Kent

<sup>13</sup> Greenland Journal, New York, 1962, s. 8, hvor første dagbogsnotat er dateret 13.7. 1931

<sup>14</sup> Kurt L Frederiksen: *Kongen af Thule*, 1. udg., Rhodos, 1955, s.278

<sup>15</sup> Brev fra Peter Freuchen til Rockwell Kent 25.6. 1931, Smithsonian Archives of American Art, Reel 5184 Frame 290-866(124-125)

<sup>16</sup> Muligvis er det Rockwell Kents bog: *N by E*, Peter Freuchen hentyder til. Bogen udkom i 1930 og er rejsebeskrivelse over hans første tur til Grønland med sejlskibet *Direction* fra Newfoundland til kysten syd for Nuuk og hans efterfølgende ophold i Nuuk


Hvad angår Peter Freuchen, så beklager han sig i begyndelsen af 30'erne i breve til Rockwell over den ”tynde” kontakt med Knud: ”*I never saw Knud anymore since you left*”, skriver Peter fx i august 1931<sup>17</sup> til Rockwell i Illorsuit.

Senere beklager han sig over i et brev fra juli 1933<sup>18</sup>, at han har den følelse, at Knud ikke vil have ham med på ekspeditioner: ”*But I can't help feeling sorry, every time I hear about his departing without me. I like to travel with him*”.

I et brev fra marts 1933<sup>19</sup> glæder Peter sig over, at der er kommet kommunister i Folketinget og fortæller, at han selv er blevet medlem af partiet. Det har han fortalt Knud, som er blevet rasende på ham, fortæller han. Om Knud, siger Peter: ”*He sticks to the king and the army and god*”. I samme brev skriver Peter, at: ”*We (Knud og jeg) have been so formal against eachother, and Emmy don't like me*”. Hænger de to ting sammen?

### Emmy Langbergs rolle

Her er det tiden at bringe Emmy Langberg<sup>5</sup> på banen. Hun er næsten altid med på rejser i Grønland som Knuds sekretær, og hun er i øvrigt dybt involveret i hans forskningsarbejde, men også assistent på hans filmprojekt ”Palos brudefærd”. Hvis man skal tro, hvad både Rockwell og Peter fortæller, så bryder hun sig ikke meget om dem! Hun havde en stor betydning for Knud og måske også en stor indflydelse på ham. Efter Rockwells mening, alt for stor<sup>20</sup>: ”*Almost since I first met her, I believed her to be a thoroughly unprincipled*



Peter Freuchen, 1933, tilhører Ilulissat Kunstmuseum, foto: ukendt

*adventuress and deplored her influence over Knud. I think she always knew (she was smart) that I knew her. I always attributed my troubles with Knud to her influence. I think she must have been in part responsible for the rather shabby politics that Knud was brought at times to play.”*

Hvorom alting er, så har hun fra ung af sin gang i de højere sociale lag, og har formodentligt ikke brudt sig om Rockwells og Peters jævne og folkelige approach endsige deres politiske holdninger. Hun kan ikke have været i tvivl om Rockwells og Peters sympati for kommunismen og deres undsigelse af at betræde de bonede gulve og af ”gud, konge og fædreland”.

<sup>17</sup> Breve fra Peter Freuchen til Rockwell Kent 13.8. 1931 og 29.2. 1932, Smithsonian Archives of American Art, Reel 5184 Frame 290-866(140-141 og 157-160)

<sup>18</sup> Breve fra Peter Freuchen til Rockwell Kent 10.7. 1933, Smithsonian Archives of American Art, Reel 5184 Frame 290-866(251-252)

<sup>19</sup> Brev fra Peter Freuchen til Rockwell Kent 10.3. 1933, Smithsonian Archives of American Art, Reel 5184 Frame 290-866(189-193)

<sup>20</sup> Brev fra Rockwell Kent til Peter Freuchen 30.09. 1944, Smithsonian Archives of American Art, Reel 5184 Frame 290-866(346-347)

Knud derimod nyder livet blandt kultur- og forskereliten og har ingen problemer med at færdes på de bonede gulve.

Alt tyder på, at Emmy har stor indflydelse på, at Knud lægger formel distance til Peter jfr. ovenstående brev fra marts 1933 og vælger at tage helt afstand fra Rockwell, hvad fremgår af de begivenheder, som jeg nu vil berette om.



*Emmy Langberg ved Uummannaq, juli 1932,*  
Arktisk Instituts Arkiver, foto: Janus Sørensen

<sup>21</sup> <https://www.aaa.si.edu/collections/rockwell-kent-papers-9557/more-information>

<sup>22</sup> Rockwell Kents manuskript til Greenland Journal,  
Smithsonian Archives of American Art, Reel 5251 Frame 3-  
1559(384-1043)

## Manus til "Greenland Journal" i arkiverne på Smithsonian Museum

I "Archives of American Art" på Smithsonian i Washington<sup>21</sup> har jeg fundet Rockwell Kents manus til Greenland Journal<sup>22</sup> og de fleste af de breve, som er grundlag for denne artikel. I manuskriptet finder man hans fyldige beskrivelse af både den tyske filmekspeditions<sup>23</sup> ankomst til Uummannaq i begyndelsen af juni 1932, fejringen af Rockwells 50 års fødselsdag i Illorsuit den 21. juni og endelig af Knud Rasmussens ankomst til Uummannaq den 4. juli ombord på "M/S Stauning" for at være den tyske filmekspedition behjælpelig.

Det fremgår desuden af korrekturanmærkninger i manus, hvilke sider og afsnit, der skal udelades i bogen<sup>24</sup>.

Rockwell forsøger at spille en aktiv rolle både ved filmekspeditionens ankomst i juni og efterfølgende og ved Knuds ankomst i juli. Jeg vil kort beskrive de begivenheder, der udspiller sig ved Knuds ankomst med udgangspunkt i ovennævnte manus, fordi de tilsyneladende får afgørende indflydelse på venskabet.

## Knud Rasmussens ankomst til Uummannaq i juli 1932

Rockwell fortæller, at han har organiseret en kaffemik den 4. juli som sit velkomstbidrag til Knud. Han er som udgangspunkt indstillet på, at tage godt imod "vennen" til trods for Peters tidligere omtalte råd om ikke at færdes sammen med Knud.

Knuds ankomst og hele ankomstarrangementet bliver en ekstrem dårlig oplevelse for Rockwell, fordi Knud ikke reagerer imødekommenhedsvis på Rockwells gode hensigter.

<sup>23</sup> Dr. Arnold Fancks og Universals filmprojekt S:O:S: Eisberg med Leni Riefenstahl som hovedrolleinnehaver

<sup>24</sup> Disse sider har jeg oversat til dansk og sammenstillet med bogudgaven. Kan rekvireres ved henvendelse til [upi@upi.gl](mailto:upi@upi.gl)

Måske er Emmy i virkeligheden den største torn i øjet på Rockwell, fordi hun tilsyneladende, hvis man skal tro Rockwells beskrivelse af mødet med Emmy, ”følte sig for fin og fornem” til at kontakte Rockwell. Hun er kommet med ”*Hans Egede*” til Uummannaq dagen før Knuds ankomst med ”*M/S Stauning*”.

Men det er Hans Bruun<sup>25</sup>, der kommer til at spille hovedrollen i det endelige brud mellem Knud og Rockwell. Konflikten omtales både af Rockwell i ovennævnte manus og af Knud i brevet til Hanne fra december 1932<sup>1</sup>. Da de to beskrivelser ikke modsiger hinanden, så er der ingen grund til at tro andet, end at de er ganske dækkende for både hændelserne og de dermed forbundne følelser.

### Konflikten med Hans Bruun

Hans Bruun er medhjælper for Knud på 6. Thuleekspedition. Som udgangspunkt har han været ansat som fanger hos ”Østgrønlandske Fangstkompani Nanok A/S” og efterfølgende som arkæologassistent for Therkel Mathiassen på dennes arkæologiske ekspedition<sup>26</sup> i Ammassalikfjorden indtil begyndelsen af september 1931, hvor Knud tager ham med på sin ekspedition. Hans følger Knud hjem til Danmark ombord på ”*Julius Thomsen*”, der ankommer til København den 10. november.

Efter hjemkomsten arbejder Hans på at etablere en ny to-årig fangstekspedition til Østgrønland i forståelse med det eksisterende fangstkompani ”*Nanok*”. I marts 1932 opgiver han projektet jfr. en skrivelse til ”*Nanoks*” bestyrelse<sup>27</sup>. Af



*Knud Rasmussen (tv) og Hans Bruun (th) ombord Julius Thomsen, november 1931, fotograf: Ukendt (fra Smør og mønter, s. 89, Forfatterforlaget Attika, 2006)*

skrivelsen fremgår det, at Hans har rådført sig med Knud, fordi denne har lovet Hans ansættelse ved et videnskabeligt projekt i anledning af, at 1932-33 er internationalt polarår. Danmark opretter tre overvintringsstationer i Vestgrønland. Den ene oprettes under Knud Rasmussen i Kap York Distriket med fem ansatte, herunder Hans<sup>28</sup>. Derfor rejser Hans den 18. juni 1932 med *Hans Egede* til Uummannaq for derfra at seje sammen med gruppen ombord på ”*M/S Stauning*” til Thule. Hans kommer til at spille en central rolle i begivenhederne i Uummannaq den 4. juli 1932 og i det endelige brud mellem Rockwell og Knud.

Jeg vil overlade ordet til Rockwell<sup>29</sup>: ”*Hans Brun has been drinking hard. He had reached*

<sup>25</sup> Hans Bruun (1897-1933) var fra september 1931 medhjælper for Knud Rasmussen, Geografisk Tidsskrift, Bind 35 (1932), s. 130

<sup>26</sup> Arkæologen Therkel Mathiassen havde i 1931 fra maj til september Hans Bruun som medhjælper på sin arkæologiske ekspedition ved Ittoqqortoormiit og Ammassalik

<sup>27</sup> Skrivelse fra Hans Bruun 15/3 1932 til kommandør Godfred Hansen, Formand i bestyrelsen for Østgrønlandske Fangstkompani Nanok A/S, Arktisk Institut A 265, 28-294

<sup>28</sup> Ekstrabladet 17/6 1932 og Dagbladet Politiken, 18/6 1932

<sup>29</sup> Rockwell Kents manuskript til Greenland Journal, Smithsonian Archives of American Art, Reel 5251 Frame 1009-1010(side 352-353 i manus)

*the point, the moment, when he felt that he must tell plain truths to others. He tried it to Emmy. Emmy told Knud, and he strode into action. "You will leave this house at once," said he to Hans in his most forceful way. "Why should I?" Hans asked; and going to his hostess for enlightenment he was told he shouldn't. And now what a pickle.*


*Knud could not face a man who had disobeyed his order, nor Emmy one who had insulted her. They dodged about in other rooms. The party was now fairly drunken. The Landsfoged, gentle, feeble soul, looked most distressed. He wandered about forlornly. And now Hans, drowning in liquor, must be taken to his ship; they sail in the early morning. Sørensen and I carry him on board. He wakes the captain for liquor – and doesn't get it. Hans suddenly becomes sensitive to Knud's insult. "I'll leave this ship!" he cries.*

*He packed his bag and ran on deck with it. "Is that all your baggage?" we asked him. "No!" – and he ran back for the rest. Sørensen and I jumped into the two boats that lay alongside and pulled hard for land. And that was the last we saw of Hans".*

Men det bliver også det sidste Rockwell ser til Knud. Det bliver nemlig ikke en prioritet for Rockwell senere at komme til Nuugaatsiaq for at møde Knud.

I et brev til Peter skriver Rockwell<sup>30</sup>: "Knud and Emmy were in Nugatsiaq – I didn't go there. There was an exchange of formal invitations between Knud and me but that was all. I think that we may consider diplomatic negotiations ended, at any rate Emmy and I do not speak in passing".

Knud har på vej fra 7. Thule-ekspedition i Sydgrønland til Uummannaq i et telegram<sup>31</sup>, der



Filmekspeditionens lejr i Uummannaq, juni 1932, foto: Ferdinand Vogel (fra: S:O:S Eisberg, Mit Dr. Fanck und Ernst Udet in Grönland)

tydeligvis er svar på en invitation, meddelt Frances og Rockwell: "Tusind tak gør alt hvad jeg kan komme igdlorssuit Hilsner Knud". Det lykkes ikke, i det mindste ikke for at møde Rockwell og Frances, selv om de angiveligt begge er i Illorsuit på samme tidspunkt om morgen den 6. juli, hvor Knud sammen med Emmy og landsfogeden Philip Rosendahl er på vej til filmekspeditionens midlertidige base i Nuliarfik på Karrat-øen, hvor de dramatiske scener med isfjelde og kajakker med Knuds hjælp skal optages.

I brevet til Hanne den 1/12 1932<sup>1</sup> skriver Knud: "Han (Rockwell Kent) har i et brev givet dig indtryk af, at vi var blevet uvenner; det er ikke

<sup>30</sup> Brev fra Rockwell Kent til Peter Freuchen 23.1. 1933, Smithsonian Archives of American Art, Reel 5184 Frame 290-866(185-186)

<sup>31</sup> Telegram sendt fra M/S Stauning 1.7.1932 stilet til Frances og Rockwell, Smithsonian Archives of American Art, Reel 5187 Frame 115-768 (311-312)

*rigtigt. Vi har overhovedet ikke talt sammen og jeg har kun undgået ham, fordi Hans Bruun straks allierede sig så stærkt med ham, på et tidspunkt, hvor Bruun og jeg stod skarpt over for hinanden. Rockwell og jeg havde de hjerteligste telegramudvekslinger med hinanden indtil Bruun kom til, - men fra det øjeblik blev der også køjlighed imellem os. Men ikke et eneste uvenligt ord. På grund af mit korte ophold hjemme fik jeg ikke lejlighed til at tale med dig om H.B. – og da det er for vidtløftigt at komme ind på i et brev, må jeg indskrænke mig til at sige, at jeg ville være ked af om du traf sammen med Hans B. i selskab med Rockwell”.*

Brevet til Hanne bekræfter Hans' centrale rolle i bruddet mellem Knud og Rockwell. Grunden til at Hans og Knud står så skarpt over for hinanden hænger efter alt at dømme sammen med nogle planer, som Hans har præsenteret ham for.

I efteråret 1931 skriver Knud i ”*Foreløbig beretning over den 6. Thule-ekspedition*”<sup>32</sup>, at i bunden af den store Ammassalikfjord ved den nedlagte boplads Mitsuitsoq ”*traf vi min gamle ven Hans Bruun*”. Altså ingen tegn på uvenskab på det tidspunkt. Hvad sker der så i tiden frem til hændelserne i Uummannaq 4. juli 1932, der fører til at Hans uden tvivl forlader eller bliver fyret fra 7. Thule-ekspedition?

## Hans Bruun danner par med Estrid Bannister

<sup>32</sup> Knud Rasmussen: *Foreløbig beretning over 6. Thuleekspedition*, Knud Rasmussen Arkivet, Frederiks værk, kasse 41, nr. 3

<sup>33</sup> Estrid Bannister Good (1904-2000) var model for den færøske forfatter Jørgen-Frantz Jacobsens romanfigur Barbara. I 1935-36 blev hun den, der oversatte Rockwell Kents bog *Salamina* til dansk, i øvrigt med assistance fra Jørgen-Frantz

<sup>34</sup> Ioann Bruun og Flemming Weye: *Smør og mønster*, Forfatterforlagt Attika, 2006, s. 89. Else Cederborg er inde på det samme i hendes bog om *Estrid*. Begge kilder er skrevet

Estrid Bannister<sup>33</sup> vender tilbage til Danmark i 1928 og bliver hurtigt deltager i kredsen omkring Knud, hvor hun også møder Hans. Hendes ægteskab er i opløsning, og hun forelsker sig i Hans. Forelskelsen er gensidig. Hans lægger nu i løbet af foråret og før afrejsen til 7. Thule-ekspedition planer om, at flytte til Thule for at åbne en handelsstation<sup>34</sup>, og Estrid er villig til at følge ham. Men som jeg tidligere i denne artikel beskriver, så er Hans allerede ansat i Knud Rasmussens regi på overvintringsstationen i Thule.

Den problemstilling, at han i virkeligheden vil benytte det videnskabelige projekt som springbræt til et eget projekt sammen med Estrid, må han naturligvis afklare med Knud Rasmussen. Og i øvrigt ser det ud til at være hans plan hurtigst muligt efter en afklaring at vende hjem til Estrid, og dermed altså afbryde kontrakten om deltagelse i overvintringsholdet i Thule.

Da Hans i efteråret 1932 kommer retur til Danmark efter bruddet med Knud i Uummannaq, så er alle planer om en tilværelse i Grønland sammen med Estrid blevet skrinlagt. I stedet køber parret en lille gård i Nordsjælland, hvor de flytter ind før julen 1932. Seks uger senere den 20. januar 1933<sup>35</sup> dør Hans kun 35 år gammel på grund af mavekomplikationer som følge af et arbejdsuheld. Det er hvad Estrid beskriver i sine erindringer<sup>36</sup>

retrospektivt, så jeg er stadig uklar på, hvad Hans og Estrids planer egentlig gik ud på, men at Knud var imod planerne, er evident.

<sup>35</sup> Nekrolog i Politiken den 21. januar 1933

<sup>36</sup> Estrid Bannister Goods selvbiografi *Smørrebrød og Cherry-Blossom*, 1992, s. 64, Det kgl. Bibliotek. Estrid skriver, at Hans dør i marts, men det er naturligvis en erindringsforskydning hos Estrid, jfr. ovenstående nekrolog over Hans Bruun bragt i Politiken

En nærliggende forklaring på konflikten mellem Hans og Knud kunne være, at Knud er vred over, at Hans vil droppe overvintringskontrakten til fordel for at slå sig ned i Thule sammen med Estrid for at etablere en handelsstation eller hvad han ellers måtte have planer om. Dertil kommer, at Knud måske i det hele taget ikke bryder sig om deres forhold, og desuden har svært ved at se overklassepigen Estrid begå sig under de barske livsvilkår i Thule langt fra Københavns high society liv.

Forfatteren Else Cederborg har i sin bog *Estrid*<sup>37</sup> en fremstilling, der underbygger dette: "...måske var det meget godt, at de nyforelskedes unrealistiske planer strandede fuldstændig på Knud Rasmussens modstand mod at lade Hans få ansættelse. Efter nogle store, ubehagelige opgør mellem dem, hvor også Knuds sekretær (Emmy) – måske dramaets skjulte hovedperson – blandede sig, tog han det sidste skib, der skulle til Danmark det år."

Jeg har tidligere påvist, at Rockwell klart har gennemskuet Emmys rolle. Også af den grund tager Knud afstand fra Rockwell.

### Hvorfor er Knud Rasmussen ikke omtalt i *Salamina* og *Greenland Journal*?

Det er bemærkelsesværdigt, at Knud ikke med et ord nævnes i *Salamina*<sup>38</sup> eller i den publicerede udgave af *Greenland Journal*<sup>39</sup>. Hvis de to har et varmt venskab og dertil Knuds internationale status taget i betragtning, så er det tankevækkende, at han ikke omtales i bøgerne. Rockwell skriver i både *Salamina* og *Greenland Journal* negativt og kort for hovedet om mødet



*Therkel Mathiassens medarbejdere Misigtoq, Hans Bruun th, Ammassalik fjord 1931-32, Arktisk Instituts Arkiver, foto: Therkel Mathiassen*

med den tyske filmekspedition i 1932 og udelader alle de ovenfor beskrevne begivenheder. Når man nærlæser det lidt han fortæller i bøgerne, så står der ikke, at den tyske ekspedition slår sig ned i Illorsuit. I *Salamina*, s. 277 i den danske udgave står fx: "- et helt Filmselskab havde slået sig ned i Distriket som en Græshoppeplage", og i *Greenland Journal*, s. 265 fortæller Rockwell at "...Igdlorssuit's long strand, made it, for a part of them, their base" (fire personer og nogle vandflyvere). Så det er en fejllæsning, at hele ekspeditionen slog sig ned i Illorsuit, men det er en helt almindelig fejllæsning, har jeg bemærket.

Begge bøger er skrevet senere. Det er således efter, at han har set produktet af tyskernes ekspedition, filmen S.O.S. Eisberg i New York. Rockwell brød sig bestemt ikke om filmen. I

<sup>37</sup> Else Cederborg: *Estrid*, Lindhardt og Ringhof, 1983, s. 90-91.

Jeg skal dog bemærke, at jeg ikke er sikker på, at Else Cederborgs fortælling i alle detaljer er korrekt. Jeg har forstået, at fortællingen bygger på Estrid Bannisters hukommelse, og hendes hukommelse spiller hende beviseligt flere gang et puds i de sent nedskrevne erindringer "Smørrebrød & Cherry-Blossom"

<sup>38</sup> Rockwell Kent: *Salamina*, Harcourt, Brace and Company, New York, 1935, s. 315, dansk oversættelse ved Estrid Bannister, Berlingske Forlag, 1936, s. 277,

<sup>39</sup> Rockwell Kent: *Greenland Journal*, New York, 1962, s. 265

*Salamina*, s. 219 i den danske udgave skriver han, at det er: "...en frygtelig parodi på et Grønlandseventyr".

Og bedre bliver det ikke af, at han er blevet kendt med, at mange af de tyskere, han har mødt i Uummannaq-området er medlemmer af nazistpartiet eller kort efter bliver det.

Som nævnt havde Rockwell stor sympati for kommunismen. *Salamina* bliver først skrevet færdig under hans andet ophold i Illorsuit i 1934-35 og *Greenland Journal* bliver skrevet langt senere. Godt nok bygger begge bøger på de dagbogsnotater, han tog under det første ophold i Illorsuit i 1931-32, men altså med de mange udeladelser, som jeg har anført ovenfor. Jeg tror, at den væsentligste forklaring på at de ovennævnte hændelser i sidste ende er blevet redigeret væk, det er, at begge bøger er skrevet færdige efter Knuds død.

Knud og Rockwells veje begynder langsomt at skilles allerede i 1931 på grund af Knuds jaloui, som det fremgår af det føromtalte brev fra Peter<sup>17</sup>. Vejene skilles måske også på grund af deres politiske forskelligheder. Og oplevelserne i Uummannaq i juli 1932 er dråben, der får bægeret til at flyde over.

På det tidspunkt er Rockwell endnu ikke raget fuldstændig uklar med tyskerne. De deltager i fejringen af Rockwells 50 års fødselsdag i Illorsuit og har medbragt en kasse champagne til festen. Festen varer til den lyse morgen.

Først da drager tyskerne videre for at slå hovedlejr i Nuugaatsiaq. Kun den berømte krigs- og filmpilot Ernst Udet bliver tilbage i Illorsuit med sin kæreste samt en medpilot og en mekaniker, fordi Illorsuit med sin lange sandstrand er ideel som "flyvebase" for filmekspeditionens vandflyvere.

Sandt at sige bliver Rockwell venner med Udet, og de udvikler sammen ideen om et luftpostfrimærke, som filatelistisk set sidenhen blev ret omstridt, men det er en anden historie. I øvrigt

sejler Rockwell også transporter for tyskerne, og det er en af Rockwells hunde, der medvirker i filmen. Det fortæller han i *Salamina*, s. 219: "Da jeg til sidst solgte den til et tysk Filmselskab, ....".

Rockwell fungerer også som tolk for de fire tyskere i Illorsuit, og de spiser i en lang periode i Rockwells hus, hvor Frances er madmor for dem, indtil Rockwell har gæster på besøg og beder dem lave deres mad selv. Det bliver tyskerne fornærmede over. Men indtil da har forholdet været præget af Rockwells hjælpsomhed og gæstfrihed.



*Rockwells hund i aktion under filmoptagelserne i Karrat Isfjord, juli 1932, foto: Ferdinand Vogel (fra Fanck und Vogel: Mit der Kamera in Grönland)*

De episoder som Rockwell vredt men korfattet beskriver i både *Salamina* og *Greenland Journal* tager måske nok deres udgangspunkt i begivenhederne om aftenen den 4. juli i Uummannaq ved Knuds ankomstfest, men de fleste af tyskerne har på det tidspunkt allerede slået lejr i Nuugaatsiaq og Nuliarfik. Udskejelserne udfolder sig først for alvor sidenheden i tyskernes lejr i Nuugaatsiaq, hvor de opholder sig indtil filmoptagelserne slutter medio oktober. Knud forlader Nuugaatsiaq allerede den 21. juni med "M/S Stauning" uden

at have mødt Rockwell igen, og de ser ikke hinanden sidenhen.

Således er det ikke kun ét menneske men to mennesker Knud den famøse aften i Uummannaq når at tage afstand fra. Da han et halvt år senere i brevet<sup>40</sup> til sin højt elskede datter Hanne skriver: "...jeg ville være ked af om du traf sammen med Hans B. i selskab med Rockwell", så er der noget, der tyder på, at han var stærkt påvirket af det skete, og ikke kunne se sin datter i selskab med de to, som muligvis kunne finde på at fortælle Hanne om hændelserne.

### Efter Knuds død

Den 21. december 1933 dør Knud Rasmussen. Jeg kan ikke lade være med at spekulere på, hvordan det videre var forløbet, om ikke Knud var død. Hverken Peter eller Rockwell ønskede bagefter at pille ved Knuds imponerede livsværk, tværtimod er deres reaktion et stærkt udtrykt savn af en god kammerat og et beundringsværdigt menneske.

I det første brev<sup>40</sup> til Rockwell efter Knuds død skriver Peter således, at: "*I were a little bit far from him the last years, but now I realise how much I loved him*". Og Rockwell skriver til Daugaard-Jensen<sup>41</sup>, at: "*It (Knuds død) was really the world's loss and a deep shock to those of us here who were his friends*".

Det er utvivlsomt forklaringen på, at Rockwell ikke nævner Knud med et eneste ord i sine bøger og gør oplevelsen med den tyske filmekspedition til en meget kortfattet nærmest parentetisk fortælling.

Hvis han skulle have fortalt meget mere om filmekspeditionen og begivenhederne i Uummannaq, ville det være ret svært at undgå at fortælle om Knuds ageren under det korte

<sup>40</sup> Brev fra Peter Freuchen til Rockwell Kent 7.1. 1934,  
Smithsonian Archives of American Art, Reel 5184 Frame 290-866(270-272)

sommerophold i Uummannaq og Nuugaatsiaq som medhjælper for den tyske filmekspedition, og dermed plette hans eftermæle. Og det ønsker Rockwell Kent trods alt ikke jfr. ovennævnte brev til Daugaard-Jensen.


### Konklusion

Mange af de her omtalte tildragelser har givetvis haft indflydelse på udviklingen af forholdet mellem Rockwell og Knud. Den manglende forventningsopfyldelse om at rejse sammen med Knud til og i Grønland, Knuds jalousi, som Peter beskriver, Emmys åbenlyse afstandtagen fra Rockwell og sidst men ikke mindst Knuds oplevelse af, at Rockwell vælger side i konflikten med Hans. Det er hovedårsagen til bruddet mellem de to selvbevidste personligheder.

Knud kalder ikke Rockwell for en "farlig mand" offentligt, men alene over for sin datter. Det gør han, fordi han ikke kan leve med tanken om, at hun skal lægge øre til Hans' og Rockwells beretninger om hans optræden i Uummannaq, som han tydeligvis ikke selv er stolt af. Ellers er der ingen logisk grund til at advare Hanne mod at møde de to sammen.

Og i virkeligheden er den overordnede og helt enkle konklusionen sikkert den at to mennesker, der besidder så megen karisma og charme, som både Rockwell Kent og Knud Rasmussen gør, meget nemt risikerer at blive "farlige" for hinanden og ikke mindst hinandens projekter, hvis de sejler i samme båd. Det forstod Peter Freuchen tidligt i forløbet.

<sup>41</sup> Brev fra Rockwell Kent til Daugaard-Jensen 22.1. 1934,  
Smithsonian Archives of American Art, Reel 5187 Frame 115-768(380)



Området ved Karrats Fjord og Karrat Isfjord, hvor SOS Eisberg indspilles, og hvor Knud Rasmussen er til stede 2 uger i juli 1932 for at assistere ved optagelsen af kajakscenerne Fensmark, den 9. januar 2018



**VS Poland Sp. z o.o.**

Tlf nr 95070668

*Stålkonstruksjoner - Aluminium produksjon - Konstruksjoner rustfritt stål*

*- PE produksjon - skrog - seksjoner - alle type konstruksjoner - sport  
/fritid - trykksaker*

*Teknisk support - kjøp/salg - import/eksport - crewing*

# STETTE

Stette eiendom AS

Stette Industriområde, 6260 Skodje



# Kirsti Myklebust – ei ishavskjerring.

Av Johannes Bjarne Alme

Kjapp i replikken, snert i kommentaren og vand med å klare seg sjølv, det er kanskje ein fellesnemnar for Ishavskjerringane. Det er i alle høve karakteristikkar eg sit att med etter å samtala med Kirsti Myklebust (f.Røren). Ei retteleg ishavskjerring!

Kirsti kom til verden i Stingarden på Brandal den 4. juli 1936. Ho er eldst av borna til Marie og Ingolf Røren.

«Å vekse opp på Brandal den tida med alt som gjekk føre seg i sesongane var spennande må du tru. Når vi var ungdommar var det fast ut på rutebåten for å sjå kven som kom og kven som reiste. Brandal var tidvis reine metropolen den tida.»

Fire gongar fekk Kirsti beskjed om at ektemannen Arthur Myklebust hadde vore med å forlise.

## I Stingarden på Brandal.

Første tida budde familien oppe på loftet, både Kirsti og Sigbjørn er fødd på loftet, men når Inger-Marie kom til flytta dei ned, og besteforeldra opp på loftet.

Seinare kom Åge og Ole Chr. I 1941 var faren, Ingolf Røren med «Aarvak», der vart han smitta av tuberkulose, vidare vart Kirsti smitta. Dei skulle båe to sendast til Reknes på rehabilitering, men mora, Marie, gret og bar seg slik at Kirsti fekk vere heime. Ingolf vart der inne i eit heilt år.

Med fortet på Kvitneset var krigen nær på alle på Brandal. Trass Kirsti berre var ni år då krigen var over, så hugsar ho godt når russefangane gjekk forbi huset og fram i grushola som var



Kirsti Røren Myklebust

mellan Risegarden og Bratli. Tyskarane, han «Grise-Bern» og «Norske-Ernst» var kjente karakterar i bygda desse åra. Det var ikkje få panner med potetskrell, fiskerestar og anna frå kjøkenet som vart sett ut for at Russefangane skulle få seg ei tiltrengt matså.

I 1943 begynte Kirsti på skule, dei hadde Håkon Ulset til lærar.

«Ein sommar var eg barnepike til Grete Bodil Liavåg, dotter til Petter og Gudrun. Dei budde på loftet i Gurna-huset i Brandal. Så minnes eg at dei hadde klesnor som vi drog ut kleda på, den gjekk bort til Mura-løa.»

Ho var ferdig med sju-års skulgong i 1950, då var det eit år på framhaldsskulen. Etter den tid var Kirsti hushjelp hos fam. Karsten Dimmen ei periode, sidan i Ulsteinvik hos Perdy og Sverre Saunes. Sidan hos Haakonsholm som dreiv fiskematforretning i Ulsteinvik. «Ho hadde tre store ungar, sjølv arbeida ho mykje med fiskematen, så der fekk eg styre meg meir sjølv, så der trivdas eg godt», flirer Kirsti.

Sidan arbeida ho på Karlsenanlegget og tok i mot selskinn, rista skinn i vekevis i følgje henne sjølv. Og var med på å legge ned sild.



Veslekari leverer selskinn ved Karlsenanlegget midt på 70-talet. Foto Ragnar Thorseth

Det var kjekt å arbeide der nede, og eg tykte sjølv at eg tente masse pengar.

I 1953-54 gjekk Kirsti på husmorskulen på Sjøholt. Sommaren etter var ho i Ålesund på hospitset Norrøna i lag med Johanne og Oleiv frå Risegarden på Brandal. Hausten etter var ho husmorvikar hos lærar Peter Nevstad på Brandal. Kona hans – ho Kristine, hadde vore uheldig å brent seg, og var på sjukehuset. Så Nevstad tok kontakt og spurte om eg kunne hjelpe dei. «Eg hadde hatt han litt som lærar, og vi hadde vel litt ulike erfaringar med kvarandre, men det halvåret eg jobba der var heilt supert, ein framifrå arbeidsgjevar.»

«Som sagt var her stor aktivitet i bygda den tida, og i 53 var eg med i songarlaget. Ein kveld etter ei øving var vi innom Solvoll Kafé, der trefte vi nokre unge karar som nett hadde kome attende frå Vesterisen. Ein av dei var ein flott mørk kar, Arthur Myklebust frå Hatlane, han hadde vore med «Polaric», skipper Monrad Pilskog. Frå den dagen haldt vi lag.»

«Medan eg var hos Nevstad, gjekk Arthur på eit sånt 3 månaders fiskeskipperkurs, jordmorkurs, som vi kalla det, ut på Godøya. Vi hadde ikkje telefon, så det var eit styr å prate, eg måtte stå klar ut i telefonsentralen på klokkeslett, så ringte han. Ja, tenk det, litt enklare i dag. Han masa om at eg måtte kome utover, men eg kunne ikkje. Vidare var der sånn religiøs vekking der ute då, så ho mor forboud meg å reise. Han gjekk klar av den vekkinga ja.»

14. mai 1955 gifta Kirsti og Arthur seg i Hareid Kyrkje – Sverre Nilsen var prest. Kirsti var 18 år, så ho måtte ha foreldra sitt samtykke. Dei flytta inn ei lita kjellarleilegheit hos svigerforeldra i Hatlane, og 4. november 1955 kom John Ivar til verden.



Kirsti Myklebust (tv) med John Ivar i vogn. Kirsten Landmark th.

### Polarbjørn.

Hausten 1956 vart ishavsskuta «Polarbjørn» leigd av Norsk Polarinstitutt for ein tur til Antarktis. Bernt Brandal var skipper. Arthur var andrestyrmann. Skuta skulle til Oslo å ta om bord forsyningar og gjere klart. «Både kona hans Bernt - ho Jenny, og eg vart med på turen nedover. I tillegg var Lea Brandal – kona til Arnljot Brandal med til Haugesund, der «Polaris» låg på verkstad. Det var ein gilde gjeng!»

Turen til Oslo gjekk fint, men der nede vart dei aldri ferdige med klargjeringa, det var Einar Rose show, og andre show dei skulle vere med på, så Jenny og eg måtte berre reise heim før dei kom seg av garde. Så den historia om at dei ikkje løyste tampane når dei gjekk, kan eg ikkje stadfeste, men det skulla ikkje forundra meg, seier Kirsti medan ho flirer og ristar på hovudet.

Nok om det, dei kom ned til Antarktis, altså inn til barrieren nyttårsaftan.



*Polarbjørn* kom inn til barrieren 1956. Foto frå Arne Moldskred

Frå Antarktis var dei innom Grytviken på Syd-Georgia og Montevideo før dei heldt fram til Halifax, der dei fekk om bord fangstfolka og fangstutstyret. «Det vart ein god fangsttur, skuta var lasta når ho kom til Ålesund, ja ho sto litt på nasa, så godt lasta var den», minnes Kirsti som var sju månader på veg.

«Det hadde vi klart før han reiste, så eg var stor og tung eg og.»

«Polarbjørn» reiste ut på sommaren på ekspedisjonstur til Nordaust-Grønland. Arthur var framleis andrestyrmann. Ein av passasjerane på turen var sokneprest, seinare Biskop, Monrad Norderval. Han hadde med filmkamera. Ein annan som var med og hadde med eige fotokamera, og hadde fått med fargefilm av

Peter Karlsen, var John Giæver jr. Det er frå desse to filmen og fargebilda frå turen kjem.

Det vart ein dramatisk tur. «Polarbjørn» vart knust av store isflorer utanfor Myggbukta på veg ut. Skuta hang på isen og flaut enn så lenge på tankane. Men skuta var knust, og ingen av dei om bord såg heilt føre seg at ein skulle kunne berge skuta. I førstninga var tanken å berge i land passasjerane (overvintrande fangstfolk, telegrafistar frå Myggbukta, vanlege passasjerane og nokre av mannskapet.) Utfordringa var korleis dette skulle gjerast? Det enda med at eit stort amerikansk transportfly lasta inn eit helikopter i Thule. Flaug over til Mestervik på Grønland. Der vart helikopteret montert saman.

Amerikanarane sette krav om at dei som skulle evakuerast, vart evakuerte no, ein kunne ikkje rekne med fleire slike turar. Derfor vart alle om bord henta på denne måten. Frå Mestervik flaug dei med eit stort passasjerfly til Island. Derifrå heim med båt.



Helikopteret er kome for å plukke opp mannskapet frå *Polarbjørn*. Foto John Giæver

Kirsti var oppteken med alt anna enn «Polarbjørn» sine vanskar. Stein Arthur kom til verden 31. juli. Kirsti og dei to gutane var på Brandal.

Ho skyt her inn, «du kan tru Inger-Marie og Ole-Chr. var glade når eg kom, fylte gangen med nett

og saker og ting. Eg var oppteken av mitt, men fekk no god oppdatering om «Polarbjørn», blant anna frå Henrik Landmark som sat på post og telefonen i bygda.

Det var i alle fall han som ringte og fortalte at no var dei berga i land på Grønland.»

Hausten 1958 gjekk Arthur på styrmannsskulen i Ålesund, det var eit halvt år det den gongen.

### Veslekari.

I 1961 var Arthur skyttar på treskuta «Veslekari» på Newfoundland. Peder (Pea) Brandal var skipper. Saman med mange andre skuter vart dei faste, og følgde isen sørover.

Når isen møtte Newfoundlandslandet, begynte ispresset og auke, dei fleste skutene vart no faste på Northre Dame Bay, og «Veslekari» vart knust.

Ispresset var så kraftig at det gjekk nesten ein heil månad før skuta forsvann ned gjennom havet. «Sameleis denne gongen, eg veit eg var på Brandal og at eg fekk beskjed i frå Henrik (Landmark) at «Veslekari» hadde forlist, og folket var berga.



*Mannskapet kan ikkje gjere meir, og må berre sjå på at Veslekari vert knust under ispresset.*

I 1962 kom tvillingane, Marie og Ingunn, dei er fødd i februar. Eg minnes at han Bernt Marø kom på besøk og ville ha Arthur med «Eskimo»

til Vesterisen. Eg gjekk og bar på den eine, og Bernt vart heilt begeistra, eg sa at her er to, det trudde han ikkje, så eg henta den andre og viste han då vart han heilt over seg av begeistring. Så det året var Arthur med «Eskimo».

### Joselin og Rundøy

I 1965 gjekk Arthur om bord frakteskipet «Joselin» som styrmann. Den gjekk i fraktfart med sand og sement. 21. januar 1966 forliser dei i Østersjøen. Arthur meinte rett og slett at isen skar hol på skroget, og det heile gjekk svært raskt. Han var på vakt og hadde kle på, andre måtte gå på isen som dei var, men alle mann berga seg. Kirsti hugsar ikkje korleis ho fekk beskjed om forliset, men akkurat dette forliset tykte ho var dramatisk.

I 1969 er Arthur på ny i Vesterisen. Denne gongen med «Rundøy», skipper Angell Brandal. Skuta er slita, og på heimveg forliser dei. Det er ingen dramatikk, skuta lek meir enn dei klarer å pumpe unna, og mannskapet går over til «Eskimo» som dei går saman med.



*Rundøy. Foto frå Kjell Yksnøy*

### Kirsti arbeider utanfor heimen

I 1967 fekk Kirsti tilbod om jobb på kjøkkenet til Odd Fellow i Ålesund. I forhold til å gå heime med fire ungar, var det som eit nytt liv kom til ho. «Eg fekk skryt for eg var flink å jobbe. Og eg kom saman med folk.»

«Ein laurdag eg skulle på jobb, eit par år etter eg hadde begynt, eg sprang og så datt eg på veg til bussen. Eg fekk grusomt låkt, men kom no meg på bussen. Men sjåføren kjente meg ikkje, så han stoppa ikkje utanfor lokala til Odd Fellow, men køyerde heilt til Rutebilstasjonen. Eg sveitta av tanken på å skulle gå bort, eg gjekk som ein fyllik, frå stolpe til stolpe. Komen på jobb, vart eg straks sendt på sjukehuset, røntgen og greier, brot i foten. Så då var det ti veker med foten høgt.

Sommaren 1970 fekk eg sommarjobb på Hotel Noreg. Året etter fekk eg fast jobb der. Då slutta eg på Odd Fellow.

Jula 1972 veit eg vi feira på Brandal, i nye huset til Inger-Marie og Arve, sidan Arthur var på Grønland med «Gadus».

I 1975 tok eg ut separasjon, og i 1977 vart vi skilde.

I åra 1977 til 1979 arbeider Kirsti på Fregatten. Jula 1979 brenn huset i Hatlane. Det er dramatikk, men alle kjem seg velberga ut. Det er forskjellig Kirsti minnes frå den hendinga, blant anna ein nabo som sto der og filma, mens vi sprang rundt i nattkleda.

«Eg hugsar Stein Arthur vart så forbanna at han drylte til han, og sa faen, finn deg noko anna å fotografere!» Huset vart sidan bygd opp att.


### Tilbake til Brandal

«I 1989 selde eg huset i Hatlane, og fekk meg leilegheit i Torvteigen. Brandal har alltid vore paradis for ungane, og mor var framtidsretta, så ho brukte peike på dette huset, Hageruphuset, og seie at det hadde vore passeleg til meg.

Ein gong tok ein telefon til Sissel Brandal og spurte om dei skulle leige det ut, dei visste ikkje kva dei skulle. Eg ringte på igjen eit år etter, same svaret, så eg hadde slått meg til ro med at det vart nok ikkje av.

Så ein dag ringte Sissel meg, eg kunne få kjøpe huset. Eg konfererte med dottera mi, Marie, og så slo eg til. Så i mars 1997 tok eg over huset her på Brandal.

«Brandal er ein fantastisk plass, her lever vi i fortida, notida og litt i framtida. Vi er alle veldig stolte av ishavshistoria vår. Eg vaks opp i den mest aktive perioden i bygda si historie. Pappa, Ingolf, var skipper på «Minna» på



Ingolf Røren på Minna. Foto frå Leif Hareide.

Svalbard i 14 år, så klart vi hørde mykje om Svalbard i heimen. Seinare har eg møtt mange som hugsar han frå desse åra.

Det viktigaste i ungdomstida var å få med seg når dampen (rutebåten) kom, slik vi fekk sjå kven som kom og reiste. Ofte nokre spennande typar der.


Eg brukar seie eg vaks opp den tida hareidsdølingane måtte til Brandal for å tene pengane sine.

No er eg halve året på Gran Canaria, resten av året deler eg mellom Brandal og Surnadal, der Ingebrigts, vennen min bur. Han har også bakgrunn frå Svalbard, han var lærar der oppe.» Kirsti sine kjappe replikkar med snert gjorde samtalens vår til ei svært triveleg stund. Det ho fortalte gjorde at respekten og beundringa for dama vaks.

Ei retteleg ishavskjerring!

# 20 år siden Svalbard ble norsk Jubileumsintervju med pioneren, dosent Adolf Hoel

(Nasjonen 24/2 1940)



*Adolf Hoel*

Den 9. februar 1920, da all verdens øine med spenning var rettet mot Paris hvor diplomater fra alle kanter av vår kamptrette klode gjorde op etter storkrigens mareritt, blev det holdt et møte i den så berømte klokkesal på Quai D'Orsay. Det var et norsk krav som her skulde behandles. Det gamle krav på Spitsbergen og Bjørnøya. Diplomatene inntok sine plasser rundt det hesteskoformede bord. Daværende ministerpresident Millerand tok ordet og uttalte stormaktenes tilfredshet ved å kunne gå til undertegnelse av en traktat til fordel for Norge.

Derefter uttalte vår minister i Paris, Wedel Jarlsberg:

– Med dyp takknemlighet vil det norske folk motta meddelelsen om at de gamle ønsker om vårt lands suverenitet over Spitsbergenøygruppen nu er opfylt.

I det norske folks navn og i den norske regjerings navn takker jeg Dem for den høie rettsindighet og de vennskape-lige følelser som De har gitt bevis på.

Det var åndeløs stillhet i salen da De Forente Staters ambassadør Wallace reiste sig, og med rolige skritt gikk bort til det historiske bord midt i «hesteskoen», som for denne anledning av den norske koloni i Paris var forsynt med et praktfullt blekhus i sølv. På det lille bord lå utlagt to parter av traktaten. Ambassadøren satte sig og undertegnet. Efter ham gikk Millerand bort til bordet, og stående festet han sitt navn til papirene. Derefter blev traktaten undertegnet av

den danske minister Bernhoft, den nederlandske minister Loudon, den svenske minister grev Ehrensvärd og til slutt av minister Wedel Jarlsberg, som i første rekke hadde medvirket til at den viktige traktat blev sluttet.

Takket være hans politiske innflytelse og store innsikt, blev det pionerarbeide som våre mange dyktige videnskapsmenn, forskere, fangstfolk og representanter for våre kullinteresser på øygruppen i årene før hadde nedlagt for å skaffe Spitsbergen til Norge, har ført til en lykkelig avslutning. Ved utformningen av traktaten hadde Wedel Jarlsberg som medarbeidere dr. Ræstad, rittmester Isachsen, dr. Rabot med flere.

Denne minnerike dag blev det holdt en stor fest i det norske ministerhotell i Paris, hvor hele den norske koloni var tilstede. Minister Wedel Jarlsberg holdt her en tale hvori han bl. a. sa: Haakon Haakonsøns krav er hermed endelig anerkjent. La oss motta hvad vi således har oppnådd med en slik nasjonal forståelse at historien skal kunne si, at i Haakon den 7des tid



*"Dosent Adolf Hoel kom innom Holelsbu Nordaust-Grønland 4. august med 'polarbjørn'". (Fototekst i album fra John Giæver, Nordaust-Grønland 1932-1934. Ishavsmuseets arkiv)*

er over århundrernes mørke dal en bro blitt bygget mellom Norges fortid og dets fremtid.

### Jubileum

Det er altså i år 20 år siden Norge blev tilkjent Spitsbergen-øygruppen, men først i 1925 blev det nye land overtatt. Det var mange vanskelige problemer våre politikere vilde løse før Norge overtok suvereniteten, og i dette viktige arbeide, likesom også i det forutgående pionerarbeide, står dosent Adolf Hoels navn i forgrunnen.

Helt siden dosent Hoel i 1907 hadde deltatt i major Isachsens ekspedisjon til Spitsbergen, var han opflammet av en tanke, – å bringe dette land under norsk overhøitet. Han sviktet aldri sitt mål, men arbeidet utrettelig. År etter år finner vi dosent Hoel der nord. Han gransker og

undersøker landet, finner frem dets rikdommer, og innser hvilken betydning det vil ha for Norge at denne øygruppe blir lagt under vår kontroll. Han slet og skrapte sammen midler til ekspedisjonene – statsbidragene var ikke store – han organiserte og ordnet opp på alle måter, skaffet medarbeidere og assistenter, sørget for innskibning og utstyr, og hver sommer drog han nordover.

### Docent Hoel har ordet

Nationen har i anledning av dette minnerike 20 årsjubileum hatt en samtale med dosent Hoel, og han forteller om det som foregikk etter at minister Wedel-Jarlsberg hadde bragt saken i havn.

– Det var i traktaten medtatt en bestemmelse om at Norge skulle utarbeide en bergverksordning for øygruppen. Av forsiktighetshensyn vilde Norge ikke overta landet før bergverksordningen var istandbragt og godkjent av signaturmaktene, og derfor varte det helt til 14. august 1925 før overtagelsen fant sted.

Mange forskjellige land hadde okkupasjoner der opp. Det blev i alt sendt inn 74 krav, hvorav en rekke var omstridte, til den opnevnte Svalbard-kommissær, den danske folkerettsprofessor Kr. Sindballe, som etter bestemmelserne i traktaten, skulle ordne eiendomsforholdene.

40 krav, tilhørende 17 forskjellige grubeselskaper, blev anerkjent. Det var norske, svenske, britiske, nederlandske og russiske selskaper som på den måte fikk eiendom på Svalbard. Også endel tyske krav blev anerkjent, men disse var av en noe annen art.

Senere har Norge kjøpt opp de aller fleste britiske eiendommer. Det står nu bare igjen 4 skotske. Store Norske Spitsbergen Kullkompani kjøpte ut alle svenske interesser, mens de nederlandske eiendommer blev solgt til russerne. For tiden er det bare nordmenn og russere som driver bergverksdrift på Svalbard.

De fleste anmeldte eiendommer var kullførende områder. Men der finnes for øvrig blyglans, sinkblende, jernmalm, svovelkis og gips. Imidlertid er det bare kull- og gipsforekomstene som har særlig verdi.

– Når ble Norges Svalbard og Ishavundersøkelser opprettet?

– I 1928 blev dette kontor organisert som en statsinstitusjon, men kontoret var egentlig ikke annet enn en fortsettelse av de systematiske videnskapelige utforskningsarbeider som har pågått kontinuerlig helt siden de blev påbegynt i 1906 av Gunnar Isachsen. Kontoret har til oppgave å organisere og utføre alt forskningsarbeide i Ishavet. Det påhviler således kontoret å kartlegge landet og havet, undersøke de geologiske forhold, bl. a. kullforekomstene o. a. der nord, men derimot har vi intet å gjøre med fiskeriundersøkelsene og det meteorologiske arbeide.

– Hvilen betydning har Svalbard for Norge?

– Først og fremst kulldriften, som er av overordentlig stor betydning for landet. Dernæst kommer fangst på land av pelsdyr (rev og bjørn), og selfangst og fiske i farvannene omkring Svalbard. Der er et betydelig fiske av torsk, kveite og håkjerring.

Nord-Norge vilde være meget vanskelig stillet hvis Svalbard ikke var vår besittelse, da inntektene fra Svalbard, er av helt avgjørende betydning for nordnorsk næringsliv. I de siste år er fangstområdene i Ishavet blitt sterkt innskrenket, og hvis også Svalbard skulde falle bort, vilde det være katastrofalt for Nord-Norge.

Under samtalens løp kommer vi også inn på kulldriften, og de resultater som er opnådd siden overtagelsen. Dosenten forteller at det i 1924, altså året før overtagelsen av landet, blev eksportert ca. 450 000 tonn kull. På den tid var



Ishavsskuta "Polhavet" lastar kull på Svalbard.

Foto: Lid

det i drift 3 utenlandske og 4 norske selskaper. Den norske eksport var på 266 000 tonn, mens utlendingene eksporterte 184 000 tonn.

Ifjor var det bare russerne og Store Norske Spitsbergen Kullkompani som drev. Den samlede eksport var på ca. 640 000 tonn, hvorav norsk eksport var 298 000 og russisk 340 000 tonn. I 1940 regner man med en økning i den norske eksport på 50–75 000 tonn.

Dertil kommer også produksjonen ved selskapet Norske Kulfelter A/S, som nu i høst er optatt til drift av skibsreder Kjøde, men som ikke har været i drift siden 1927.

1937 var rekordår, med en total-eksport på 745 000 tonn. Russernes produksjon er gått sterkt tilbake siden dette år, da den var på 454 000 tonn. I 1938 var russerne eksport sunket til 319 000 tonn.

– Hvor mange mennesker bor det på Svalbard?

– Ca. 850 nordmenn og ca. 2000 russere.

Til slutt kommer vi inn på det stående isbryterspørsmål, og dosent Hoel forteller:

Vi har nu 5–6 måneders skibningssesong, men med en isbryter vil sesongen straks kunne forlenges med en måned om våren og en måned



Toget laster kull, Kings Bay. Foto fra Sverre Omås

om høsten. Senere, når vi får erfaring, kan skibningssesongen nok ytterligere utvides. Vi vet at russerne hadde en kullbåt inne ved sin kai på Svalbard den 28. desember ifjor!

Isbryteren vil i det hele tatt være av helt avgjørende betydning for kullskibningen og dermed for kulldriften der oppe. I den ordinære sesong opstår ofte isvanskeltigheter som imidlertid lett kunde overvinnes ved hjelp av isbryter.

De viktigste oppgaver for fremtiden er å skaffe Svalbardisbryteren, foreta nøiaktige undersøkelser av kullforekomstene og anlegge lagerplasser for kull i Norge. Vi må fortsatt innarbeide Svalbard-kull på det norske marked.

Videre må vi arbeide for å sikre beseilingen på Svalbard ved anlegg av fyr og radiofyr. For kullskibningen, fiskere og fangstfolk er det også av viktighet at oplodningen og opmerkningen av farvannene omkring fortsettes.

Den kapital som nedlegges på Svalbard, sier dosent Adolf Hoel til slutt, er vel anvendte penger. Den sikrer oss tilførslen av det viktigste av alle råstoffer – kull – kull til brensel og kraft, og bidrar til å gjøre oss selvhjulpne på dette

område. Den nedlagte kapital letter og trygger våre fangstmenns, fiskeres og sjøfolks vanskelige og farefulle arbeide og bidrar til større utbytte av fangst og fiske.

Det var mange som var redd for at Svalbard skulle bli et kostbart land å administrere for oss, men det har vist sig å være en helt ubegrunnet frykt. Budgettet for Svalbard settes utenfor vårt statsbudgett, og er altså et budgett for sig – Svalbard-budgettet. Dette budgett har for det meste gitt overskudd, vel det eneste statsbudgett som kan oppvise et slikt resultat! sier dosent Hoel.

Den utvikling av Svalbards økonomiske muligheter som har funnet sted i de siste 30–40 år, er helt enestående. Intet annet så langt mot nord kan oppvise makin til denne utvikling, fortsetter dosenten, og legger til: – Dette skyldes i første rekke det fremragende arbeide som er utført av våre videnskapsmenn, fangstfolk og fiskere og dem som har stelt med kullgrubedriften. Måtte bare denne utvikling fortsette til gagn for vårt land!

Dette er dosent Hoels ønske ikke bare for de næste 20 år, men for hele fremtiden. Og på dette jubileum vil vi nok alle og enhver her i Norge slutte oss til hans ønske, men samtidig vil vi også takke dosent Hoel for hans store innsats der nord.

## STØTT OSS MED DIN GRASROTANDEL!

Grasrotandelen gir deg som spiller hos Norsk Tipping mulighet til å bestemme hvem som skal motta noe av overskuddet til Norsk Tipping. Hver gang du spiller går inntil 7 prosent av din spilloppnåelse til den grasrotmottakeren du velger – uten at det går utover din innsats, premie eller vinnersjanse. Vi oppfordrer deg til å støtte oss i ISHAVSMUSEETS VENNER

-Bli med og støtt vårt arbeid for bevaring og formidling av vår polarhistorie!

Bli Grasrotgiver i dag! Du kan bli grasrotgiver i alle Norsk Tippings kanaler eller ved å sendeSMS «Grasrotandelen 997304527» til 60000

# Årets første Polarkveld på Ishavsmuseet.

Av Johannes Bjarne Alme

Linda Bakken om året 2008-2009 som fangstkvinn i Mushamna.

Fredag 24. januar var Linda Bakken på Ishavsmuseet og prata og synte bildar frå året som fangstkvinn på Mushamna på Svalbard.



*Linda Bakken heldt foredrag på Ishavsmuseet.  
Foto Beate Holstad*

Linda kjem opphavleg frå Tingvoll på Nordmøre, men hadde allereie vore fleire år i Ny-Ålesund når Kjærasten og ho sökte og fekk løyve til å ta eit år som fangstfolk i Mushamna nord på Svalbard.



*Linda Bakken med hund.*

Sysselmannen si skute «Nordsyssel» set dei ut. Isen hindrar dei i å sette utstyret i land med småbåtar, så med tolv hiv set sysselmannen sitt helikopter alt dei har med heilt att ved hytteveggen.

Etter dei er på plass med alt utstyr og proviant, dreg kjærasten attende til Ny-Ålesund for å arbeide to månadar. Sommaren byr på endringar, og forholdet mellom Linda og kjærasten tek slutt.

Ho er aleine på fangststasjonen og er med eitt utan fangstkompanjong for den kommande vinteren.

Å gje opp fangstdraumen som ho hadde planlagt og investert så mykje i, var ikkje noko alternativ. Linda held fram åleine, og via venners venner får ho tak i hjelp for kortare eller lengre opphold. Slik vert det. Ho er periodevis åleine, men stort sett har ho lag.

Linda poengterte i starten av foredraget at det var stas for henne å kome til Brandal og prate om Svalbard og særskild Ny-Ålesund, eller Brandal City som ho sa med eit smil.

I foredraget gjekk Linda gjennom året i Mushamna, ulike arbeidsoppgåver i dei ulike årstidene. Det ho fortalte vart visualisert gjennom fantastisk gode bildar. Største utfordringa var isbjørn. Ho såg eller visste om stort sett ein eller to bjørnar heile den lyse delen



*Hytta i Mushamna*

av året. I mørketida var det verre. Hundane ho hadde med vart raskt «immune» for bjørn og slutta og varsle, det var så vanleg. Løysinga var å få opp ein annan hund frå Longyearbyen, som alltid varsla. Det hjelpte på tryggleikskjensla. I løpet av året registrerte Linda over 400 isbjørnvarslinger, og ho noterte meir enn 300 jagingar.

Heldigvis bestod året av langt meir enn isbjørnjaging. På det meste hadde ho meir enn 100 revefeller og røkte. Området ho fangsta i var frå Mushamna og nord til Gråhuken så ned Widjefjorden og så vestover attende til Mushamna.

Ishavsrøye skulle fiskast, trass i at isen aldri gjekk på vatnet så sette dei garn og fanga røye. Linda lærte å salte og røyke ishavsrøye. Og når våren kom og ærfuglen la egg, smaka egg og røykt røye fortreffleg.

Av sysselmannen hadde dei fått løyve til å skyte 10 rein til eige bruk. Rype og sel kunne dei skyte så mange dei ville og klarte.

Som nemnt hadde ho mange bildar, gode bildar. Hytta i Mushamna og området rundt, Woodfjorden og dei andre stasjonane ho brukte vart godt dokumentert. Like så fuglar, sel, ryper og isbjørn i mange variantar. Dei kvalitetsmessig gode bilda sette ein ekstra spiss på foredraget. Ho fortalte godt om dei ulike



*Det var rikeleg med isbjørnbesøk*

årstidene. Dagane som vart kortare og lyset forvant. Stillheita i mørketida. Og det yrande livet og støyen nå lyset og fuglane var attende om våren.

Periodane aleine, særskild om satellittefonen eller aggregata svikta var tøffe. Då gjekk tankane fort til dei som var heime og kanskje forsøkte å få tak i ho og ikkje lykkas.

Stort sett var det gode dagar. Med mange gjeremål. Og når lyset kom og sola vendte attende, fugle- og dyrelivet kom tilbake, så var livet heilt topp.

Til liks med mange andre vi har hørt og lese om, så hadde Linda ikkje lyst å forlate Mushamna når «Expedition» kom og henta henne. Ho brente opp dei spekkfulle kleda og forlét hytta med vemod.

Sjølv om året som fangstkvinnne var over, var ikkje Linda si tid på Svalbard over, ho var der til 2016, då flytta ho med mann og to ungar til Ålesund. Siste del av foredraget synte ho bildar og prata om den moderne gruvebyen Svea som no er under avvikling og attendeføring til naturen. Politikk er ikkje alltid fornuft, noko dette er eit klart prov på.

Linda hadde med både reveskinn og utstoppa Svalbardrev som var til sals, flotte produkt frå Svalbard. Etter foredraget serverte Ishavsmuseet klippfisk til den som ønska det.

# JT Mekaniske

LEVERANDØR AV MASKINER OG UTSTYR TIL  
NÆRINGSMIDDELINDUSTRIEN

**AASEN**



**BIL-DEMONTERING AS**

- BRUKTE OG NYE DELER
- OFF. GODKJ. VRAKMOTTAK
- NYE DEKK OG FELGER

700 37 900

[www.aasenbil.com](http://www.aasenbil.com)

Returadresse:  
Ishavsmuseet, Brandalsvegen 28  
6062 Brandal

Porto Betalt P.P  
Avtale 617108/7

# Kunnskap

Per Johnson og Arnfinn Karlsen



## Polarolje 0,5 L

Den arktiske kuren for betre helse.

Polarolje er eit reitt destillat framstilat av olje frå yngre grønlandssel. Etter mer enn 5 års klinisk forskning, viser forskere ved Haukeland universitetssykehus og Nasjonalt institutt for ernæring og sjømatforskning (NIFES) til oppsiktsvekkende resultater, og kan vise til følgende helseeffekter:

- Behandling av ømme og stive ledd
- Bedring av immunforsvaret
- Hindrer sårdannelser og eksem
- Regulerer mage/tarmfunksjonen
- Behandler psoriasis

Polarolje selges hos Coop-butikkene i Eid, Valda, Ørsta, Ulsteinvik, Hordaland, Bergens, Bregen, Stryn, Ståheim, Fjellstad, Fakk, Sydde, Røvde, Raudeberg, Selje, Lavastad, Olden, Sæbø, Vartdal, Bærum, Larvik, Gjerdrum, Moldestranda, Leikong, Tjørvåg, Ose, og Aheim.

**coop**

## Meir enn berre polarolje

Besök nettbutikken  
[www.polargodt.no](http://www.polargodt.no)

### Polarolje for hund

Den beste kuren for friske ledd, 0,5L

Spesielt gode resultat for:

- Behandling av ømme, stive ledd
- Behandling av smerter
- Bedrer hovkvaliteten
- Gir blank, tjukk pels
- Bedrer immunforsvaret
- Bedrer mage/tarmfunksjonen

**kr 180,-**



### Polarolje for hest

Den beste kuren for friske ledd, 2,5L

Spesielt gode resultat for:

- Behandling av ømme, stive ledd
- Behandling av smerter
- Bedrer hovkvaliteten
- Gir blank, tjukk pels
- Bedrer immunforsvaret
- Bedrer mage/tarmfunksjonen

**kr 644,-**



### Polarsalve

Naturens egen balsam.

Spesielt gode resultat for:

- Problemsår
- Bleireutslett
- Eksem
- Psoriasis

**kr 100,-**



### Pute

- Arctic White 40x40

Eksklusiv pute

- i ekte arktisk pels



**kr 1699,-**

### Pute

- Arctic White 40x70

Eksklusiv skinn  
- i ekte arktisk pels



**kr 2196,-**

### Selskinn

Eksklusiv skinn  
- i ekte arktisk pels



**frå kr 900,-**

### Bilpute

- Arctic Grey 20x30

Kraftig strikk for festing rundt seterøygen



**kr 679,-**

